

Ullensvang kommune

Funksjonsbeskrivelse

Bråvolltunet - Ny sjukeheim Kinsarvik

Oppdragsnr.: 52501940 Dokumentnr.: 020 Revisjon: F01 Dato: 2026-06-26



Funksjonsbeskrivelse

Bråvolltunet – Ny sjukeheim Kinsarvik

Oppdragsnr.: 52501940 Dokumentnr.: 020 Revisjon: F01

Oppdragsgiver:	Ullensvang kommune
Oppdragsgivers kontaktperson:	Jørgen Meland
Rådgiver:	Norconsult Norge AS
Oppdragsleder:	Tor Eivind Osmo
Andre nøkkelpersonar:	Endre Lægreid
Fagansvarlig:	ARK Ivar Tveito Eidnes
	RIB Kåre Kalhagen Eitrheim
	RIV/ VVS Erlend Johannesen/ Terje Madsen
	RIE Kjetil Stuhau
	LARK Kari Monstad
	VEG Ingrid Høvik
	RIBr Helge Hesjedal Wiberg
	RIAku Einar Høye Ådnøy
	RIBfy Tonje Skjølberg
	VA Emely Lauritzen

F01	2026-05-28	For anskaffelse	Iteid	TorOsm	TorOsm
Versjon	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandler. Opphavsretten tilhører Norconsult. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.

Samandrag

Denne funksjonsbeskrivelsen for nye Bråvolltunet sjukeheim i Kinsarvik er del av eit konkurransegrunnlag til totalentreprise. Ullensvang kommune skal etablere eit moderne omsorgsbygg gjennom ein kombinasjon av nytt tilbygg, ombygging og rehabilitering av eksisterande bygningsmasse. Prosjektet er organisert som ei totalentreprise, der entreprenøren har ansvar for både prosjektering og utføring, og skal levere eit ferdig, innflyttingsklart bygg som oppfyller alle funksjonskrav og tekniske krav som er stilte i dokumentet.

Tiltaket inneber oppføring av eit nytt bygg i tre etasjar med til saman 18 sjukeheims plassar, samstundes som delar av eksisterande sjukeheim vert bygd om og tilpassa nye funksjonar som dagsenter, administrasjon og støttestrukturar. Det skal i tillegg etablerast 6 sjukeheimsrom for skjerma avdeling i eksisterande sjukeheim. Utbygginga skal gjennomførast i to trinn, og eit viktig premiss er at sjukeheimen skal vere i drift under heile byggeperioden. Legesenter-fløyen, som er ein del av det eksisterande bygget, vart totalrenovert i 2022. Dette inngår ikkje i prosjektet, men skal vera fullt operativt og i drift i heile byggeperioden, noko som mellom anna legg føringar for utskifting av ein del av dei tekniske installasjonane. I tillegg omfattar prosjektet nye uteareal med parkering, terrassar og tilkomstløysingar som skal vere godt tilpassa brukarar, tilsette og besøkande.

Funksjonsbeskrivelsen legg stor vekt på at bygget skal ha gode arkitektoniske, funksjonelle og tekniske kvalitetar. Det blir stilt krav om universell utforming i alle delar av anlegget. Vidare skal bygget oppfylle gjeldande krav i TEK17 og relevante standardar. Berekraft står sentralt i prosjektet, med krav om materialval med dokumentert miljøprofil, tilrettelegging for ombruk og løysingar som reduserer energibruk og ressursforbruk.

Bygget skal innehalde eit breitt spekter av funksjonar, der både pasientar, tilsette og pårørande sine behov vert ivaretekt. Dette omfattar mellom anna sengerom med tilhøyrande bad, skjerma avdeling, felles opphaldsareal med kjøkken, personalareal, samt spesialrom som bårerom, minnerom og tekniske rom. Det er lagt vekt på gode interne forbindelsar, oversiktlege gangsoner og ein utforming som fremjar trivsel, effektiv drift og tryggleik for bebuarar og tilsette.

På den tekniske sida stiller dokumentet omfattande krav til alle installasjonar i bygget. Dette gjeld mellom anna VVS-anlegg, ventilasjon, oppvarming, sprinkleranlegg, elektriske installasjonar, reservekraft og digitale system for kommunikasjon og styring. Det vert også stilt strenge krav til inneklima, lydforhold, dagslys og brannsikkerheit, og det er lagt opp til integrerte og driftssikre løysingar som skal fungere godt over tid.

Når det gjeld bygningsmessig utføring, skal tilbygget utformast med robuste og fleksible konstruksjonar, der betong og stål er anbefalt som hovudløysingar, medan eksisterande bygg skal oppgraderast med betre isolasjon, nye overflater og tilpassingar til nye funksjonar. Det er særleg fokus på gode detaljløysingar knytt til fuktsikring, radonsikring og levetid, samt bruk av materialar som toler hard bruk og krev lite vedlikehald.

Gjennomføringa av prosjektet er nøye regulert, med krav om tett oppfølging, regelmessige byggemøte og full dokumentasjon gjennom heile prosessen. Entreprenøren skal levere komplett FDV-dokumentasjon, energiberekningar og klimagassrapport, og har ansvar for prosjektering ned til detaljnivå. Før endeleg overtaking skal det gjennomførast ein prøvedriftsperiode, der tekniske anlegg vert testa under normal drift, og driftspersonell får nødvendig opplæring.

Samla sett fungerer funksjonsbeskrivelsen som eit styringsdokument som definerer både ambisjonsnivå og minstekrav for prosjektet. Den legg grunnlaget for eit framtidsretta sjukeheimsbygg med høg kvalitet, god funksjonalitet og langsiktig driftstryggleik, der omsynet til brukarar, tilsette og miljø er gjennomgåande i alle delar av prosjektet.

Funksjonsbeskrivelse

Bråvolltunet – Ny sjukeheim Kinsarvik

Oppdragsnr.: 52501940 Dokumentnr.: **020** Revisjon: **F01**

Ein mindre del av prosjektet skal gjennomførast som ein utførelsesentreprise. Dette gjeld utvendig VA anlegg og noko flaumsikring av Bråvolltunet. Dette er ferdig prosjektert og vert honorert etter medgåtte mengder. Nærare om denne delen av prosjektet, og tilhøyrande bestemmelsar er skildra i teknisk mengdebeskrivelse NS 3420, med tilhøyrande teikningsunderlag. Alle leveransar skal samlast i tilbodsskjema, og gjennomførast som ein totalentreprise.

Innhald

1	INNLEIING	6
1.0	Generelt	6
1.1	Orientering om arbeidet	6
1.2	Grunnlag	7
1.3	Prosjektering og dokumentasjon	8
1.4	Forskrifter og standardar	9
1.5	Energikrav og energimerking	9
1.6	Berekraft	9
1.7	Kvalitetskrav, toleransar og pålitelegheit	10
1.8	Lastføresetnader	12
1.9	Rigg og drift	12
1.10	Testfase, overtaking og prøvedrift	15
1.11	Opplæring	17
1.12	Reklamasjonsfrist	17
1.13	Servicearbeider i garantitida	18
1.14	Utstyrsleveranse	18
1.15	Anmeldelse	18
1.16	Skilting	18
1.17	Generelle krav til utføring	18
1.18	Funksjonskrav i rom og soner (utvalde rom)	22
1.19	Fargeval, overflater og materialer	25
1.20	Opsjonar i prosjektet	27
2	Bygningsteknisk utførelse	28
2.0	Bygning, generelt	28
2.1	Grunn og fundamenter	30
2.2	Berande konstruksjonar	31
2.3	Ytterveggar	33
2.4	Innerveggar	38
2.5	Dekker og himling	41
2.6	Yttertak	44
2.7	Fast inventar	47
2.8	Trapper, balkonger m.m.	50
2.9	Andre bygningsmessige delar	51
3	VVS- installasjoner	52
3.0	Generelt	52
3.1	Sanitær	59

3.2	Varme	62
3.3	Brannslukking	66
3.4	Gass og trykkluft	67
3.5	Prosesskjøling	67
3.6	Luftbehandling	67
3.7	Komfortkjøling	70
3.8	Vannbehandling	70
3.9	Andre VVS-installasjoner	70
4	Elkraftinstallasjoner	74
4.0	Elkraft, Fellesytelser og generelt	74
4.1	Basisinstallasjon for elkraft	77
4.2	Høyspent forsyning	79
4.3	Lavspent forsyning	80
4.4	Lys	84
4.5	Elvarme	90
4.6	Reservekraft	90
5	Ekonomisering og automatisering	91
5.0	Ekonomisering og automatisering generelt	91
5.1	Basisinstallasjon for økonomisering og automatisering	91
5.2	Integrert kommunikasjon	93
5.4	Alarm- og signalsystemer	94
5.5	Lyd- og bildesystemer	95
5.6	Automatisering	96
6	Andre installasjoner	98
6.0	Andre installasjoner, generelt	98
6.2	Person- og varetransport	98
7	Utendørs	100
7.0	Utendørs, generelt	100
7.1	Bearbeida terreng	100
7.2	Utendørs konstruksjoner	101
7.3	Utendørs røranlegg	104
7.4	Utendørs elkraft	104
7.5	Utendørs tele og automatisering	104
7.6	Vegar og plassar	104
7.7	Parker og hager	109
7.8	Utendørs infrastruktur	113
7.9	Skjøtsel	113

1 INNLEIING

1.0 Generelt

I denne funksjonsbeskrivelsen er det lista opp funksjonar som bygget og uteområdet bør ha samt kva tekniske krav og spesifikasjonar som gjeld i prosjektet. Dette er delvis basert på eigne krav frå byggherre, dels på retningslinjer/krav og tilrådingar frå myndigheiter. Krava er å betrakta som minstekrav, som ikkje må underskridast utan at byggherre skriftleg har akseptert dette.

Tilbydar skal legge denne funksjonsbeskrivelsen med vedlegg og teikningsgrunnlag, utarbeidd av Norconsult, til grunn for sitt tilbod. Teikningane er resultatet av eit skisseprosjekt, der areal/mål er retningsgjevande.

Byggherre ber om pris på ferdig prosjekt; prosjektering og utføring i samsvar med denne beskrivelsen. Bygget skal overleverast klart til innflytting.

1.1 Orientering om arbeidet

Ullensvang kommune skal bygge på og delvis rehabilitere sjukeheimen i Kinsarvik.

Bråvolltunet har i dag har 2 hovudetasjar, samt loftsrom med tekniske rom og møterom utan heis. I hovudetasjen er det sjukeheimsfunksjonar, med kjøkken, administrasjonskontor, og fellesareal, samt legesenter. Underetasjen består av 7 omsorgsbustader, fysioterapi, fotpleie og frisør, samt vaskeri, garderober, tekniske rom og lager etc.


Det er planlagt ombygging av eksisterande bygg, samt nytt bygg. Legesenteret vart pussa opp i 2022, og er ikkje ein del av prosjektet. I 2.etasje skal den nordlege delen byggast om til skjerma avdeling, samt personaldel i midten av bygget. Den sørlege delen med kjøkkenet, dagsenteret, og kontor skal ikkje endrast innvendig.

I underetasjen på det eksisterande bygget, no 1. etasje, skal det etablerast ein ny hovudinngang i eit mellombygget mellom nytt og eksisterande bygg. Hovudetasjen i nytt bygg vil ligge på same nivå som eksisterande underetasje. Midt del med mellom anna fysioterapi, fotpleie, frisør, heimetenesta skal delvis renoverast. Omsorgsbustadane i nord og vaskeri og lager i sør skal ikkje endrast innvendig.

Nytt bygg blir etablert på nedsida av dagens bygg og vil bestå av 3 etasjar, med BYA på omlag 835 m². 1. og 2. etasje vil kvar for seg bestå av sjukeheimsrom – 9 einingar, inkludert støttefunksjonar og fellesrom, til saman 18 sjukeheims plassar. Begge etasjane er planlagt med terrasse på over 50 m².

Underetasjen i tilbygget vil bestå av tekniske rom, lager, bære- og minnerom, hjelpemiddelsentral, avfallshandtering, vareleveranse, garderober med meir. Ventilasjonsrom vert plassert på tak.

Ny parkeringsplass blir etablert på nivå med underetasjen på tilbygg, ca. 35 plassar. Det vert lagt til rette for ladepunkt.



Funksjonsbeskrivelse og detaljbeskrivelse (NS3420)

Det er totalentreprenøren sitt ansvar at grensesnittet mellom leveransane i funksjonsbeskrivelse og detaljbeskrivelsen vert ivaretatt, spesielt med omsyn til flaumveg, og handtering av denne.

1.2 Grunnlag

Grunnlaget for tilbudet er dette konkurransegrunnlaget med tilhøyrande funksjonsbeskrivelse og teikningar, brannteknisk konsept og vurdering av energieffektivitet, samt andre vedlegg og rapportar. I tillegg er det behov for at entreprenøren gjennomfører synfaring på tomte og gjer seg kjent med alle problemstillingar, og kontaktar offentlege instansar der entreprenøren meiner dette er nødvendig; t.d. innhenting av grunnlagskart for EL, VA, høgspenst etc. Det er også viktig at entreprenøren gjennomfører synfaring på eksisterande sjukeheim, sidan prosjektet er både tilbygg og ombygging av eksisterande bygningsmasse. Nytt bygg på nedsida av eksisterande bygg, skal koble seg på eksisterande bygg.

Byggherren har ved utarbeiding av tilbodsgrunnlaget klassifisert bygningsmassen som følger:

- Pålitelegheitsklasse 3
- Tiltaksklasse 2 og 3 (kan variere mellom fagområde)

Totalentreprenøren skal gjere sjølvstendige vurderingar av klassane, og eventuelle avvik frå desse skal grunngjevast i tilbodsokumentasjonen som vert levert inn.

Sjå vedlagt dokument og teikningsliste for komplett dokumentoversikt og grunnlag.

1.3 Prosjektering og dokumentasjon

- Det skal haldast byggjemøte med varigheit på inntil 3 timer minimum kvar 2. veke. Byggherren (BH) med sin organisasjon og formann/byggeplassleiar skal delta, i tillegg til representantar frå dei til ei kvar tid viktigaste faga (prosjekterande/ utførande), og dette skal takast med i tilbodssummen. BH er også med på synfaring etter behov.
- Byggherre sin representant skal ha full tilgang til kontroll og gjennomgang av prosedyre og dokumentasjon gjennom heile byggearbeidet. Statistiske berekningar skal på førespurnad framleggjast for byggherre.
- Totalentreprenøren (TE) overtek rolla som ansvarleg søker (SØK) frå og med søknad til igangsetjing og står for søknadsprosessen til og med ferdigattest.
- Alle fag skal prosjekterast iht. gjeldande regelverk av ansvarlege føretak med tilstrekkeleg kompetanse til å erklæra ansvar innanfor dei ulike ansvarsområda i rett tiltaksklasse. Det skal medreknast all nødvendig detaljprosjektering, statistiske berekningar og anna nødvendig dokumentasjon. TE overtek det fulle ansvaret for prosjekteringa. Det er TE sitt ansvar at leveransen stettar krav til yting, kapasitet og kvalitet iht. alle krav stilt i konkurransegrunnlaget. Det skal utarbeidast eintydige konstruksjons- og produksjonsteikningar for alle bærande og ikkje bærande konstruksjonar. Teikningane skal innehalde dei opplysningar som krevst i dei respektive Norske Standardar og Eurokodar.
- Før igangsetjing på byggeplass, skal entreprenør legge fram godkjent prosjektering av alle tiltak, detaljer, løysingar og tekniske anlegg. Alle teikningane vedlagt i konkurransegrunnlaget er å betrakta som tilbodssteikningar/ skisser og kan ikkje nyttast som arbeidsteikningar. Det blir TE sitt ansvar å skaffa ytterlegare grunnlag og prosjektera tiltaket med nødvendige arbeidsteikningar for alle fag.
- Det skal utarbeidast nye berekningar etter NS3031 både i detaljeringsfasen, som skal oppdaterast ved ferdigstilling.
- Teikningar skal oversendast byggherre eller byggherren sin representant i god tid før produksjon eller montasje startar. Det vil bli etablert eit prosjekthotell for handtering av dokument.
- Før overlevering av bygg skal det leverast komplett FDV (forvaltning, drift og vedlikehald) dokumentasjon iht. NS3456. Dette skal inkludere «som bygget» underlag for skjema, planteikningar, koblingsskjema, systemgodkjenningar, lister over anvendt materiell, layoutteikningar av bestykning i rack. Dokumentasjonen skal tilpassast kommunen sitt FDV-system. Det er entreprenøren sitt ansvar å setja seg inn i kva som skal vera med og korleis oppbygginga av denne skal vera. FDV-dokumentasjon skal leverast byggherre elektronisk på avtalt plattform seinast tre veker før overtaking.
- Alle kostnader knytt til innsamling av data, registrering og klargjering skal takast med.
- Det skal leverast klimagassrapport ved ferdigstilling.
- Fleire generelle bestemmelsar til VVS i kap. 3.0 og Elkraft i kap. 4.0

1.4 Forskrifter og standardar

Gjeldande standardar og forskrifter skal følgjast for utføringa.

For prosjektering og utføring av byggverket, skal blant anna følgjande lover, forskrifter og rettleiarar etterlevast:

- Plan- og bygningslova
- Arbeidsmiljølova
- Gjeldande forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK17), og samsvarande norske og internasjonale standardar som kan sjåast som del av Byggteknisk forskrift eller er vist til i denne beskrivinga.
- Forskrift om utforming og innretning av arbeidsplassar og arbeidslokale («Arbeidsplassforskrifta»)
- Forskrift om sikkerheit, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplasser («Byggherreforskrifta»)
- «NS 8175 – Lydforhold i bygninger»
- NS 11001-1 - Universell utforming av byggverk, del 1 Arbeids- og publikumsbygninger.
- NS 11001-2 - Universell utforming av byggverk, del 2 Boliger
- Forskrifter for Lavspenningsanlegg FEL, med veiledning NEK 400, NEK 399
- Ullensvang kommune si gjeldande renovasjonstekniske norm
- Reguleringsplan for området

Dersom det i konkurransegrunnlaget er avvik mellom krav stilt i spesifikasjonar, i andre beskrivelsar som er del av tilbudsgrunnlaget eller spesifikasjonar på teikningar, gjeld det strengaste kravet.

1.5 Energikrav og energimerking

Bygget skal energimerkast og registrerast i styresmaktenes nettportal. Arbeidet er fullført når godkjent energimerke føreligg.

Berekningar i forbindelse med energimerking skal utførast med godkjent dataprogram. Alt underlag, inklusive datafiler, skal sendast til byggherren.

1.6 Berekraft

Alle anlegg skal prosjekterast og oppførast med tanke på berekraft. For likeverdige produkt skal produsentar med EPD for produktet veljast. Det skal i prosjektering og montering tilstrebast å benytte mest mogleg heile lengder av kanalar og røyr slik at kapp og svinn reduserast.

Det er mogleg å bestille brukte kanalar direkte frå leverandør eller å hente inn kanalar og utstyr frå andre plassar, til dømes ombrukssentralar som «Loopfront» og «Ombygg», sjå lenker:

<https://www.loopfront.com/no/>

<https://www.ombygg.no/>

Det skal leggjast til rette for at bygningsdelar og utstyr enkelt skal kunne demonterast og ombrukas ved seinare utskiftingar. For eksempel ved å feste komponentar saman mekanisk (skruer og boltar) framfor kjemisk (sveising og lim).

Alle installasjonar som inneheld krom, f.eks. rør, armaturar og utstyr, skal der det er mogleg leverast med innhald av krom 3 framfor krom 6.

Til oppvarming skal det etablerast luft-vann varmepumper. Det skal leverast vassparande armaturar og utstyr der dette er mogleg.

Det er utført ei ombrukskartlegging av eksisterande bygning, vedlagt konkurransegrunnlaget.

For materialar som utgjer store volum eller høg vekt (t.d. massar, brustein, betong, stål, prefabrikkerte element m.m.) skal totalentreprenøren sikre dokumentert sporbarheit, kvalitet og forsyningstryggleik. Leveransekjeder med manglande dokumentasjon, uforutsigbare leveransar, svak miljøstandard eller høg leveranserisiko skal ikkje nyttast som hovudkjelder. Oppdragsgjevar kan krevje full dokumentasjon og avvise materialar som ikkje oppfyller krava. Material skal hovudsakeleg koma frå Europa.

I byggeperioden skal det nyttast mobil varmepumpeløysing for å redusera energibehovet til byggtørking og oppvarming. Varmepumpene kan vera av type luft- luft, eller som luft-vann og tilkoplast vannbåren varme midlertidig. Mobil varmepumpe skal kombinerast med adsorpsjonsavfuktar for effektiv uttørking.

Totalentreprenør skal sørge for ein styrt tørkeprosess, og løysingar som tilfører fukt til bygget skal unngåast.

Brakkerigg som vert nytta skal vera godt isolert på nivå med krav i TEK10, og skal ha system for senking av temperatur på natt, og i helg og feriar.

Entreprenøren er pliktig til å velje energisparande løysingar (eksempelvis LED arbeidsbelysning, styrt tørkeprosess, all oppvarming med redusert temperatur på natt, i helg og i feriar etc.), for å redusere forbruket av straum i byggetida.

1.7 Kvalitetskrav, toleransar og pålitelegheit

Alle arbeid skal dimensjonerast iht PBL med forskrifter og gjeldande norsk standard, krav i gjeldande utgåve av byggeforskriftene, aktuelle kommunale reglar og forskrifter, samt NBI blad med tilvising til dei valte løysingar og arbeider. Preaksepterte løysingar gjeld der detaljar ikkje er utteikna. Som grunnlag for utføring av alle arbeid og godkjenning av dei ferdige arbeida gjeld:

- TEK17 med tilhøyrande rettleiing.
- NS 3420 "BESKRIVELSESTEKSTAR FOR BYGG OG ANLEGG"
- Gjeldande Norske Standardar eller tilsvarande ISO standardar
- SINTEF Byggforsk sine detaljblad, våtromsnorma

Alle arbeid skal utførast iht. tabell som vist under når anna ikkje er oppgitt. Forøvrig skal det ferdige arbeidet framstå med fagmessig god kvalitet i god norsk handverkstradisjon. Leverandørar og produsentar sine anvisingar skal følgast.

Så snart avvik eller uregelmessige tilhøve oppstår, skal byggherren sin byggeleiar orienterast.

Produkt som skal nyttast skal vera Sintef-merka eller tilsvarande. Element og stål skal være CE merka.

Tabell 2 – Retningstoleranseklasser for bygninger

Type retningstoleranse	Målelengde meter	Toleranseklasse			
		RA	RB	RC	RD
Helning/loddavvik, parallelitet, vinkel-/hjørneavvik, retning i horisontalplanet	> 5,0	5 mm	7,5 mm	15 mm	25 mm
	2,0 – 5,0	1,0 ‰	1,5 ‰	3 ‰	5 ‰
	< 2,0	2 mm	3 mm	6 mm	10 mm

Tabell 3 – Planhetstoleranseklasser for bygninger

Type planhets- toleranse	Målelengde meter	Toleranseklasse			
		PA	PB	PC	PD
Lokal planhet	2,0	± 2 mm	± 3 mm	± 5 mm	± 8 mm
	1,0	± 1 mm	± 2 mm	± 3 mm	± 5 mm
	0,25	-	± 1 mm	± 2 mm	± 3 mm
Total planhet	Hele delproduktet	± 5 mm	± 10 mm	± 15 mm	± 25 mm
Sprang	-	0,5 mm	1 mm	2 mm	4 mm

Tabell 1 – Normalkrav til toleranser for overflater i og på bruksklare bygninger

Type tole- ranse	Yttervegg (23)		Innervegg (24)	Dekke (25)		Yttertak (26)		Trapp, balkong (28)		
	Utv. kledn., overflate (235)	Innv. Kledn., overflate (236)	Kledning overflate (246)	Gulv (255)	Himling (256)	Tekking (262)	Himling, overflate (266)	Innv. trapp (281)	Utv. trapp (282)	Balkong, veranda (284)
Retning	RD	RC	RC	RB	RC	RD	RC	RB	RC	RC
Planhet	PD	PC	PC	PB	PC	PD	PC	PB	PC	PC

Fig.: Tabell 1 til 3: Utklipp fra NS3420

1.8 Lastføresetnader

Bygget må prosjekterast og dimensjonerast i samsvar med gjeldande forskriftskrav og Norsk Standard. Eksisterande bygg står på adresse Bråvoll i Ullensvang kommune, på ca. 23 m.o.h. Alle lastføresetnader skal fastsetjast av totalentreprenør sin RIB, og desse skal vere dokumenterte og kontrollerte av byggherren sin uavhengige kontroll (UAK PRO).

Belastningar

Laster skal fastsetjast og vurderast ut frå forventa brukslaster, eigenlast, nyttelaster og andre relevante påkjenningar, i samsvar med Eurokode 1990 og samtlege delar av Eurokode 1991-serien. Alle lastføresetnader skal utarbeidast av totalentreprenør sin RIB.

Eigenlast

I tillegg til hovudkonstruksjonens eigenlast skal det fastsetjast og vurderast påførte eigenlaster og dynamiske laster frå maskinelt utstyr, innreiingar, tekniske installasjonar, himlingar, påstøyp, avretting, lettveggar og tilsvarende bygningskomponentar. Totalentreprenøren er ansvarleg for å skaffe til veie laster frå utstyr som er omfatta av deira leveranse.

Nyttelast

Nyttelastene skal fastsetjast etter Eurokode 1991-1-1.

Snølast

Snølaster med tilhøyrande formfaktorar skal fastsettast etter Eurokode 1991-1-3 for Ullensvang kommune.

Vindlast

Vindlast med tilhøyrande formfaktorar skal fastsettast etter Eurokode 1991-1-4 for Ullensvang kommune.

Ulukseslast

Det skal vurderast om fare for påkøyring på utsette konstruksjonsdelar. Påkøyringslaster fastsetjast etter Eurokode 1991-1-7

Seismisk analyse

Det skal kontrollerast og dokumenterast om bygget skal dimensjonerast for laster frå jordskjelv. Seismisk berekning skal eventuelt utførast i samsvar med Eurokode 8 og inngå i leveransen.

1.9 Rigg og drift

1.9.1 Generelt

Rigg og drift i denne funksjonsbeskrivelsen omfattar alt arbeid som skal utførast innanfor totalentreprisen, også den delen som er beskrive etter NS 3420, alle forhold knytt til VA-anlegg og flaumsikring. Rigg og drift skal prisast i prisskjema. Det henvisast også til generell del i NS3420 beskrivelsen, for å få eit samla og komplett bilete av det totale rigg og drift omfanget i totalentreprisen.

Entreprenøren skal sørge for all naudsynt rigg og drift for dette oppdraget. TE skal gjere seg kjent med forholda på byggeplassen og eksisterande bygg. TE skal ta med sin del av fellesutgifter, rigg og drift etc. for eigne arbeider.

Riggplan, med tilkomst, parkering, etc., skal utarbeidast av TE og skal vera basert på gjeldande retningslinjer og godkjennast av byggherren. Byggeplassen må sikrast på ein slik måte at uvedkommande ikkje kjem inn på byggeplassen og det skal etablerast sikkerheitssoner ved løfting. Det må takast spesielle omsyn ifm. inn- og utkøyring til/frå riggplass. Entreprenøren skal gjere seg kjent med området og ta med i sin vurdering at

vegen opp til Bråvoll er skuleveg for elevar, og det må takast omsyn til dette. Brakker og konteinrar skal plasserast inne på riggområdet, dersom ikkje anna kjem fram under tilbodsynfaringa.


For opne grøfter skal det sikrast med lett sperremateriell (type 2 meter anleggsgjerder mv) slik at uvedkommande ikkje har tilkomst til området. Det må etablerast naudsynt omfang av portar/gjennomgangar for at entreprenør skal kunne utføre arbeid, men slike portar/gjennomgangar skal normalt være stengt når dei ikkje skal nyttast. Forutan dette må det også etablerast sperring med tyngre sperremateriell der køyretøy ferdast (langs veg, på eksisterande parkeringsplass mv). Dette er materiell som skal hindre at køyretøy køyrer gjennom lettare sperremateriell og køyrer i grøft. Der grøfter kryssar køyreareal eller gangareal må entreprenør ha løysingar for å få trafikk forbi grøfter dersom vegar sikke kan stengast heilt. Entreprenørar nyttar i slike tilfelle større stålplater som de kan legge frå grøftekant til grøftekant.

Røyr skal lagrast på plan flate på strø og røyrdelar skal lagrast i container. Kummar skal lagrast på plan flate. Lagringsstad skal være sikra slik at uvedkommande ikkje har tilkomst.

Entreprenøren tek med rigg og drift av alle naudsynte provisoriar i heile kontraktperioden. Dette inkluderer eksempelvis stillas, byggeplassgjerde, lager, byggestraumskasse, belysning etc. Entreprenøren tek med rigg og drift av nødvendig provisorisk oppvarming av lukka bygg for å sikra forsvarleg og rasjonell utføring og framdrift av alle entreprenørar sitt arbeid, også for naudsynt uttørking av bygget fram til overtaking.

1.9.2 Tilkomst og riggområde

Det er naturleg å bruke området sør/vest på tomten som riggplass, der det skal etablerast framtidige parkeringsplassar. Naudsynte fasilitetar som garderobe, wc, dusj, spiserom, møterom og kontor må riggast etter behov. Totalentreprenør har fullstendig ansvar for byggestraum inkludert energikostnader. Konteiner for lager av verktøy etc. må riggast ute.



Utklipp: Mogleg riggområde i trinn 1 og 2, i tillegg til område for framtidig parkeringsplass.

Riggområde skal avklarast nærmare på tilbodssynfaring. Det må lagast ein plan på innkøyring, parkering etc. Riggplassen må også sikrast med byggeplassgjerde og port for låsing. Det er eit alternativ å lage ein midlertidig tilkomst til tomte direkte frå Husevegen (fylkesveg 5102). Dette må avklarast med byggherre og godkjenning frå Statens vegvesen/ Fylkeskommunen er ein føresetnad.

1.9.3 Brakkerigg

Tilbydar må vurdere evt. særskilte behov utover det som er skrive ang. garderobe, wc, kontor, spiserom. Entreprenør må ha ein rigg som minimum inneheld garderoberom for tilsette, prosjektkontor for prosjektleiar, pauserom/ kantine for tilsette, møterom for byggemøte med plass til 10-15 personar. Entreprenøren må sjølv vurdere vidare behov for rigg.

Entreprenør må ta med all påkopling av brakkerigg til kommunen sitt VA-anlegg. Graving og påkopling må skje til næraste avløpskum og vasskum på området.

1.9.4 Provisoriske element

Entreprenøren tek med rigg og drift av alle nødvendige provisoriar i heile kontraktsperioden. Dette inkluderer eksempelvis stillas, byggeplassgjerde, lager, byggestraumskasse etc.

1.9.5 Straum i byggetida

Byggestraum vert helde av totalentreprenør. Nødvendige byggestraumkassar og andre provisoriar må takast med av totalentreprenør.

1.9.6 Ganglys

Entreprenøren tek med nødvendig provisorisk belysning under heile byggeperioden.

1.9.7 Oppvarming

Entreprenøren tek med rigg og drift av nødvendig provisorisk oppvarming mv av lukka bygg for å sikra forsvarleg og rasjonell utføring og framdrift av alle entreprenørar sitt arbeid, også for nødvendig uttørring av bygget fram til overtaking.

1.9.8 2 Byggetrinn

Prosjektet «Nye Bråvolltunet sjukeheim» er tenkt oppført i 2 byggetrinn, del 1 og del 2. Del 1 gjeld nytt bygg på nedsida av dagens sjukeheim, i 3 etasjar og med totalt 18 sjukeheimsplassar. Byggetrinn 2 gjeld ombygging av deler av eksisterande bygningsmasse til mellom anna skjerma avdeling, 6 plassar. Planen er å gjennomføre byggetrinn 1 medan eksisterande sjukeheim er i drift. Når byggetrinn 1 er fullført, vil bebuarar bli overflytt til det nye bygget. Deretter vil byggetrinn 2 med renovering og oppgradering av eksisterande bygningsmasse kunne gjennomførast.

1.9.9 Sjukeheim i drift

Bråvolltunet sjukeheim er ein institusjon som skal vera i drift på tomte under bygging av byggetrinn 1. Det er difor særst viktig at entreprenør tek omsyn til dette i tilbodet og i gjennomføringa av byggearbeida. Det vil bli meir informasjon om dette på tilbodssynfaringa. Det er ønskeleg frå byggherren at det skal vera mest mogleg normal drift av eksisterande sjukeheim under heile byggeprosessen. Det er viktig med god kommunikasjon mellom byggherre og totalentreprenøren for å få ei smidig løysing på dette.

Når bebuarane er flytta over i det nye tilbygget skal det framleis vera drift på fleire funksjonar i det gamle bygget. Det gjeld mellom anna kjøken, dagsenter, kontorfløy, mm. Det skal til ei kvar tid vera trygg og god passasje mellom desse funksjonane og det nye tilbygget i heile perioden med renovering av det eksisterande bygget.

1.10 Testfase, overtaking og prøvedrift

Byggherren administrerer prøvedriftsperioden i samråd med totalentreprenøren (TE).

Før overtaking skal TE gjennomføre innregulering, funksjonsprøving, integrerte testar og annan dokumentert testing som er nødvendig for å påvise at dei tekniske anlegga oppfyller kontraktens krav. Test- og innreguleringsfasen skal ha ei varigheit på minimum fire (4) veker før overtaking.

Når kontraktsarbeida er ferdigstilt, dokumentert, kontrollerte og godkjende i samsvar med kontrakten, skal det gjennomførast overtakingsforretning. Overtaking kan finne stad før prøvedriftsperioden er avslutta.

Prøvedrift skal gjennomførast i samsvar med NS 6450 tabell B.1, med mindre anna er spesifisert i kontraktsdokumenta. Med prøvedrift meinast eit avtalt tidsrom etter overtaking der dei tekniske anlegga skal dokumentere stabil og kontraktsmessig drift under normale driftsforhold. Prøvedrifta omfattar også samkøyring mellom tekniske system og eventuell integrert systemtesting der dette er relevant.

Overtaking inneber ikkje at TE er fri for ansvar for oppfølging av dei tekniske anlegga i prøvedriftsperioden. TE har ansvar for å følgje opp, overvake og dokumentere anlegga sine funksjonar gjennom heile prøvedriftsperioden.

Reklamasjonstida tek til ved overtaking. Prøvedriftsordninga endrar ikkje tidspunktet for overtaking eller oppstart av reklamasjonstida dersom ikkje anna er uttrykkeleg avtalt. Dersom det oppstår motstrid mellom kontraktens reglar om prøvedrift og NS 8407 pkt. 37, skal føresegnene i dette punktet gå føre.

I prøvedriftsperioden disponerer byggherren bygget og dei tekniske anlegga til ordinær drift. Byggherren sitt driftspersonell skal få nødvendig opplæring, rettleiing og bistand frå TE og dens underentreprenørar slik at driftspersonellet oppnår tilstrekkeleg kompetanse til å forvalte og drifte anlegga. Kostnader til energiforbruk og ordinært forbruksmateriell i prøvedriftsperioden vert dekte av byggherren.

TE skal i prøvedriftsperioden halde seg løpande orientert om drifta, vere tilgjengeleg for fagleg bistand og utan ugrunna opphald rette feil, manglar eller funksjonsavvik som vert avdekte. TE skal gjennomføre nødvendige målingar, analysar, etterjusteringar og vedlikehaldstiltak som er påkravde for å dokumentere at kontraktens funksjonskrav er oppfylte.

TE er ansvarleg for koordinering av alle involverte fag og entreprenørar i prøvedriftsperioden. Det føresetjast eit aktivt tverrfagleg samarbeid for å sikre at dei tekniske anlegga fungerer som eit samla og integrert system.

Alle kontrollbesøk, registreringar, målingar, avvik og korrigerande tiltak skal dokumenterast i prøvedriftsrapportar. Ved avslutning av prøvedriftsperioden skal TE oversende ein samla funksjonsrapport til byggherren. Rapporten skal som minimum innehalde:

- dokumentasjon av gjennomførte målingar og funksjonskontrollar
- oversikt over utførte justeringar og utbetringar
- registrerte avvik og korrigerande tiltak

- oversikt over endringer utførte i prøvedriftsperioden
- dokumentasjon på kven som er informert om slike endringer

Tabell B.1 – Anbefalte varigheter av prøvedriftsperioder for noen tekniske systemtyper

Teknisk bygningsinstallasjon	Prøvedriftens varighet (mnd)	Kommentar
Klimaanlegg	12	Omfatter anlegg som regulerer temperatur, ventilasjon og luftfuktighet innendørs Skal inkludere årsvariasjoner i utetemperatur Dokumentasjon av kapasitet og stabilitet ved kaldt vintervær (DUT) ¹ , overgangsfaser (vår/høst) og varme sommerdager [3]
Energiproduksjon	12	Skal inkludere årsvariasjoner i utetemperatur Dokumentasjon av kapasitet og stabilitet ved kaldt vintervær[4] (DUT) ¹ , overgangsfaser (vår/høst) og varme sommerdager [3]
Energibruk	12	Kontroll av at energibruk er i henhold til energiberegninger og energisertifisering
Solskjerming	3	Skal inkludere forskjellige solvinkler og værtypen. Hvis solskjerming er en del av klimastyringen, skal den inkluderes i prøvedriften av klimaanlegg eller energibruk
Lysstyring	3	Skal fungere over tid med brukere i bygningen, og i henhold til funksjonsbeskrivelsen
Snøsmelteanlegg	3	Sesongavhengig oppstart (oppstart senhøstes, eller ved første snøfall)
Adgangskontroll	3	Prøvedrift bør være så lenge at antall brukere i bygningen er som dimensjonert
Dørmiljø	6	Bør være så lang at eventuelle mekaniske svakheter i rammer e.l. vises (dør slepes langs gulvbelegg e.l.)
Brannvarsling	-	Brannvarsling omfattes av et regelverk som krever at det er testet, dokumentert og idriftsatt før brukere flytter inn i bygningen
Andre tekniske bygningsinstallasjoner	-	Det må også vurderes prøvedrift av tekniske bygningsinstallasjoner som er en del av prosjektspesifikke krav som går ut over de lovpålagte krav
Nødlys	-	Nødlys omfattes av et regelverk som krever at det er testet, dokumentert og idriftsatt før brukere flytter inn i bygningen
Heis	-	Heiser omfattes av et regelverk som krever at de er testet, dokumentert og idriftsatt (utført heiskontroll) før brukere kan benytte heis(er) i bygningen
Rulletrapp	-	Rulletrapper omfattes av et regelverk som krever at de er testet, dokumentert og idriftsatt (utført heiskontroll) før brukere kan benytte rulletrapp(er) i bygningen
Bygningsautomasjon og styring (BACS) ² , og teknisk bygningsautomasjon (TMB) ³	12	Prøveperioden skal inkludere årsvariasjoner i utetemperatur
¹ DUT Dimensjonerende utetemperatur ² BACS Building automation and control systems ³ TMB Technical building management		

Alle kablingskomponentar som inngår i IKT-leveransen skal leverast med dokumentert systemgaranti. Type kablingssystem, garantivilkår, garantitid og eventuelle føresetnader for garantiens gyldigheit skal opplyst i tilbødet.

Dersom byggherren kan dokumentere at eitt eller fleire tekniske anlegg ikkje har oppfylt kontraktens funksjonskrav i ein vesentleg del av dei siste fire (4) vekene av prøvedriftsperioden, eller dersom prøvedrifta av andre årsaker ikkje har gitt tilstrekkeleg grunnlag for å verifisere kontraktsmessig funksjon, kan byggherren krevje prøvedriftsperioden forlenga. Forlenginga skal vere fram til funksjonskrava er dokumentert oppfylte og byggherren har godkjent avsluttande funksjonsrapport. Slik forlenging gir ikkje TE krav på vederlagsjustering, fristforlenging eller annan kompensasjon.

Prøvedriftsperioden skal ikkje reknast som avslutta før funksjonsrapporten er oversendt og skriftleg godkjend av byggherren. Byggherren skal innan rimeleg tid etter mottak av rapporten anten godkjenne rapporten eller gje skriftleg melding om påviste manglar, avvik eller utilstrekkeleg dokumentasjon. Dersom byggherren påviser manglar ved funksjon, dokumentasjon eller oppfølging av prøvedrifta, skal TE utan ugrunna opphald utbetre forholda og oversende oppdatert dokumentasjon for ny vurdering. Prøvedriftsperioden vert først rekna som fullført når byggherren har gjeve skriftleg godkjenning av funksjonsrapporten.

1.11 Opplæring

Totalentreprenøren skal gje byggherren ved brukar opplæring i drift- og vedlikehald av alt teknisk utstyr. Nødvendig opplæring av driftspersonell skal utførast før prøvedriftsperioden startar, for alle fagområde.

Opplæring av driftspersonale på bygget for alle leverte anlegg. Det må lagast ein eigen opplæringsplan som skal godkjennast av byggherre før oppstart, og den må gjerast i ulike fasar.

Opplæring gjennomførast i 3 fasar, og må utførast av kvalifisert personale som har inngåande kjennskap til levert anlegg og tilhøyrande FDV- dokumentasjon.

Fase1:

Opplæring før idriftsetting omfattar gjennomgang av anleggsoppbygging og opplæring i oppbygging og bruk av FDV-dokumentasjon for anlegget.

Fase 2:

Opplæring før ferdigsynfaring omfattar opplæring i drift- og vedlikehald av anlegget. Denne fasen av opplæringa skal gjennomførast seinast 2 veker før overlevering av kontraktarbeida.

Fase 3:

Opplæring i prøvedriftsperioden omfattar repetisjon i drift- og vedlikehald slik at driftspersonale blir i stand til sjølvstendig drift-, tilsyn- og vedlikehald av anlegget.

Entreprenør skal medta nødvendig opplæring av driftspersonell etter overtagelse av anlegget.

Driftspersonale skal opplærast i drift- og vedlikeholdsinstruksane som er utarbeidd for anlegga. Overlevering av funksjonsbeskrivelsar av alle anlegg, nødprosedyrar, utskrift av registreringsskjemaer seinast 2 veker før opplæring. Det skal leverast dokumentasjon på utført opplæring og undervisningsmateriell skal vera ein del av FDV- dokumentasjon.

Det skal takast med to opplæringsseansar i løpet av første driftsår. Det kan vera aktuelt å dela opplæringa inn i fleire adskilte fasar/etappar. Dette avtalast med byggherren. All opplæring skal vera gjennomført etter avtalt opplæringsplan og vera godkjent før utløpet av prøveperioden.

1.12 Reklamasjonsfrist

Reklamasjonsfristen er 5 år frå overtaking. I tillegg til garantiarbeid skal entreprenøren gjennomføre 2 årlege besøk på bygget i reklamasjonsperioden for kontroll, etterjusteringar av anlegga og retting av eventuelle feil og manglar.

1.13 Servicearbeider i garantitida

I garantitida, som er sett til tre år, skal entreprenøren utføra kontroll på anlegget, kontrollera at instruksen blir fulgt og føreta nødvendige etterjusteringar. To gonger i første år (sommar- og vinterforhold), samt ein gong i kvart av dei påfølgande 2 åra, skal entreprenøren føreta kontroll av anlegget og sende rapport til byggherren. Denne rapporten skal innehalde alle opplysningar om anleggets drift, eventuelle feil eller manglar som er på anlegget og dei rettingar som måtte vera føretatt. Ved avvik må årsak identifiserast og utbetrast.

1.14 Utstysrleveranse

I tilbodet skal det leggst ved spesifikasjon av tilbode utstyr. Det skal leverast fullstendig dokumentasjon av levert og montert utstyr iht. spesifikasjonar og datablad, som skal inngå i den totale FDV-instruksen utarbeidd av entreprenør.

1.15 Anmeldelse

Entreprenøren skal førestå og koste alle nødvendige innmeldingar av tekniske- anlegg til offentlege myndigheiter.

1.16 Skilting

Bygget skal vera godt skilta både utvendig og innvendig i tråd med krav til universell utforming og lovpålagt skilting, samt skilting i forhold til beredskap. Utforming av skilt i offentlege areal skal utførast med godt design. Løysinga skal leggst fram for byggherren for godkjenning.

1.17 Generelle krav til utføring

1.17.1 Generelt

Norconsult har i samarbeid med byggherre utarbeida teikningar som er førande for prosjektet, i tillegg til denne funksjonsbeskrivelsen og konkurransegrunnlag med vedlegg.

I dei følgjande kapitla er ei rekkje funksjonskrav lista opp. Det er utarbeida eigne spesifiserte funksjonskrav for alle fag, og lista opp funksjonar som dei ulike romma skal ha. Nokre spesielle krav, som for eksempel vegghengte toalett i toalettrom, er presiserte. Utover det som er lista opp som spesielle krav, skal entreprenør leggja til grunn normale tekniske løysingar for denne type bygg/ anlegg.

Bygget skal prosjekterast og byggast med gode arkitektoniske, tekniske og funksjonelle kvalitetar.

Byggherre har lagt ned mykje arbeid i utviklinga av prosjektet, og det er gjennomført eit skisse- og forprosjekt som har resultert i denne funksjonsbeskrivelsen, NS3420 beskrivelsen, teikningar og vedlagte rapportar. Det er difor sentralt at vidare detaljering tek omsyn til dei funksjonelle løysingane og ambisjonsnivåa som ligg i materialet frå arkitekt og rådgjevarar.

Det er i etterfølgande funksjonsbeskrivelse og teikningar gitt generelle overordna føringar mtp. utforming og vist til materialbruk og detaljering. Beskrivelse og teikningar utarbeidd i denne fasa og vedlagt konkurransegrunnlaget, er ikkje fyllestgjerrande for ei komplett løysing. Med omsyn til detaljar og materialbruk, vert det henvist til romskjema med føreslegne kvalitetar samt arkitektteikningar.

Tilbydar skal prise komplett arbeid for ei fullverdig fagmessig utføring med presis detaljering og gode materialkvalitetar som er foreslått eller med tilsvarende kvalitet.

Brannkonsept utarbeidd av Norconsult med tilhøyrande teikningar er grunnlaget for prosjektet sine branntekniske løysingar. Det er også utarbeidd eit notat for vurdering av energieffektivitet.

Det skal før oppstart på byggeplass gjennomførast komplett fagmessig koordinert prosjektering for alle fag. Alle detaljar og konstruksjonar skal visast i detaljteikningar, som saman med materialprøvar og fargeoversikt skal leggjast fram for byggherren før oppstart bygging av dei aktuelle bygningsdelane.

Som eit anslag vil det for eit bygg av denne typen vera behov for minimum 15-20 detaljar i mål 1:5/10 for tett-byggearbeida og noko av det same tal detaljar for innvendige arbeid.

All fast innreiing skal teiknast ut på skjemateikning 1:20 som skal føreleggast brukar for godkjenning før bestilling.

Det skal nyttast miljøvennlege byggprodukt, samt at den tiltenkte bruken av bygget skal vektleggast ved val av materialar og løysingar.

Arbeida skal oppførast i samsvar med plan- og bygningslova sine krav og TEK-17, gjeldande utgåve, brannforskrifter, byggherreforskrifta, helseforskrifter, arbeidstilsynet sine bestemmelsar og kommunale vedtekter som vedrører byggearbeida. Alle arbeida skal utførast i samsvar med gjeldande norske standardar, forskrifter og relevante NBI-blad. Forøvrig skal det ferdige arbeidet framstå med fagmessig god kvalitet i god norsk handverkstradisjon. Leverandørar og produsentar sine anvisningar skal følgast.

Alt av installasjon skal om mogleg leggjast skjult. Dersom dette ikkje er hensiktsmessig skal dette avklarast og godkjennast av byggherre.

Bygningsmessig funksjonsbeskrivelse lista opp iht NS 3451, bygningsdelstabell, må sjåast i samanheng med teikningar, generell orientering samt beskrivelse frå andre tekniske fag. Funksjonskrav er rammebetingelsar og skal ikkje oppfattast som komplette. Dersom det er opplysningar som manglar er det totalentreprenøren sitt ansvar og innhente nødvendige tilleggsopplysningar. Ved motstridande krav, gjeld fagbeskrivelse først.

Brann- og lydkrav iht krav og retningslinjer for omsorgsbygg/sjukeheimsbygg må følgast.

Utføring og beregningsreglar iht NS 3420 gjeld dersom ikkje anna er påpeika.

1.17.2 Brann

Det er totalentreprenøren sitt ansvar å sørge for at gjeldande forskrifter og lover med omsyn på brann vert oppfylt. For bygget sitt brannkrav vert det vist til gjeldande teknisk forskrift, samt utarbeidd brannkonsept.

Det skal dokumenterast at dei tilbodne utføringane er i samsvar med gjeldande lovverk og tilfredsstillar gjeldande brannkrav. Totalentreprenør må medrekna all nødvendig brannbeskyttelse av bærande konstruksjonar. All branntetting er totalentreprenøren sitt ansvar.

Dersom konstruksjonar eller bygningsdelar med krav til brannklassifisert utføring som dører, vindauger og glasfelt m.m., har utføring som ikkje er godkjent, må det gjennomførast klassifisering. Det er totalentreprenøren sitt ansvar å påkosta/gjennomføra eventuelle nødvendige testar, samt sjå til at dette ikkje skapar framdriftsmessige problem.

Branndokumentasjon

Det er entreprenøren sitt ansvar å få laga fullstendig brannstrategi samt oppteikning av brann- og rømningsplanar samt merking av desse i bygget. Vedlagt brannkonsept og brannteikningar. Vedlagt brannkonsept er premissgivande. Totalentreprenør har ansvar for vidare detaljprosjektering og dokumentasjon.

1.17.3 Akustikk

Innomhus

Sjukeheimen skal tilfredsstillе lydklasse C i NS8175:2012. Lydtekniske premiss og forslag til løysingar er beskrive i rapport AKU01. Lydplan er vedlagt.

Utomhus

Støy frå vegtrafikk er berekna og vurdert mot gjeldande krav i kommunale planar, støyretningslinja T-1442, NS8175:2012 og byggtেকnisk forskrift TEK17. Balkongar og uteplass må førast opp med tett rekkverk med høgde 1,2 m. Balkongane må også ha absorbentar i tak.

1.17.4 Bygningsfysikk

Det er utarbeidd eige notat for bygningsfysisk premissnotat for prosjektet som ligg vedlagt konkurransegrunnlaget, sjå premissdokument bygningsfysikk.

Prosjektet er energiberekna, og det er utarbeidd simuleringar opp mot TEK17-krav og utarbeidd eit førebels energimerke for tilbygg og eksisterande bygg. Tilbygget oppfyller energikrava, medan eksisterande bygg ikkje tilfredsstiller energirammekrav iht. TEK17 §14-2 eller minstekrav iht. TEK17 §14-3, verken før eller etter vurderte tiltak. Avgrensingar i eksisterande bygningskonstruksjonar gjer det krevjande å oppnå krava i eksisterande bygg, sjølv med tiltak som etterisolering, utskifting av vindauge og betra lufttettheit. Energinotat ligg vedlagt konkurransegrunnlaget, sjå energinotat.

1.17.5 Dagslysberekning

Det er utarbeidd berekning av dagslys med tilhøyrande notat. Det er vurdert eit representativt utval av rom for varig opphald i tilbygg og eksisterande bygg, og vist med simuleringar kva rom som imøtekjem krav til dagslystilgang iht. TEK17 §13-7 og ikkje. Det er utarbeidd eige notat for dagslysberekning for prosjektet som ligg vedlagt konkurransegrunnlaget, sjå RIBfy-03 Dagslysvurdering.

Notatet beskriv føresetnader for å oppnå berekna dagslysfaktor i dei vurderte romma. Det er også lista opp aktuelle tiltak som bør vurderast i vidare prosjektering for å oppnå tilfredsstillande dagslysforhold i dei romma som ikkje imøtekjem TEK17-krava. Tiltaka er foreslått på eit overordna nivå, og det er ikkje gjennomført vidare vurderingar eller berekningar av effekten av tiltaka.

1.17.6 Byggfukt

Uttørking av byggfukt er ei tid- og energikrevjande prosess. Difor bør det fokuserast på å halde materialar tørre i byggeperioden. Generelt gjeld retningslinjene:

- Berre materialar som skal nyttast i næraste framtid skal lagrast på byggeplassen.
- Materialar som kan bli utsett for fuktskadar skal lagrast tørt og beskyttast mot fukt.
- Alle opningar i klimaskallet skal tettast så fort som mogeleg for å unngå vassinntrenging.

- Vatn skal ledast vekk frå bygningen.
- Fuktproduserande arbeid, blant anna muring og støyping, skal utførast ferdig før isolasjon vert montert.
- Alle tak må byggetidstekkast før det vert starta tømrararbeid i lågare etasjar.
- Trevirke skal monterast med kapillærbrytande sjikt mot all betong og vindtettast så fort som mogleg.

For å sikre at ein ikkje bygger inn trevirke med høgt fuktinnhald, bør rutinemessige fuktmålingar utførast iht. NS 3512:2014 "*Måling av fukt i trekonstruksjonar*". Fuktmåling må dokumenterast med stad, dato, bilete og målt verdi. Dokumentering kan eksempelvis utførast ved å markera utført(e) fuktmålingar på planteikning på den enkelte etasje som viser til bilete av målt verdi og dato.

I samband med uavhengig kontroll av bygningsfysikk vil det bli kravd at det føreligg dokumentasjon på at fuktmåling i trevirke er utført.

Ein bør også unngå uttørking gjennom oppvarming og ventilasjon då dette aukar lufttrykket i rommet og dermed pressar varm luft ut i konstruksjonar eksponert mot kald luft. Når den varme lufta møter kalde overflater vil det kondensera, dette kan leia til akkumulering av vatn i konstruksjonen. Vidare bidrar varmluftaggregat til spreiding av støv og bruker mykje energi.

Me tilrår at ein i størst grad unngår innbygging av organiske materialar mellom tette sjikt. Ved eventuell innbygging av organiske materialar mellom tette sjikt må fuktvektprosent i treet målast. TEK17 gjer preaksepterte ytingar som tilseier at trevirke må innehalde mindre enn 20 vektprosent fukt for ikkje-lukka konstruksjonar, og lågare enn 15 vektprosent fukt for innbygde materialar. Me tilrår at trevirke i konstruksjonar *med* uttørkingsmulighet ikkje har høgare fukt enn 16 – 18 vektprosent. Tilrådinga kan grunngjevast med at ein fuktvekt på 16 – 18 % tilsvarar en RF (relativ fukt) på 80-85 %, under slike forhold finns det risiko for danning av muggvekst. For lukka konstruksjonar, dvs. konstruksjonar med liten eller ingen uttørkingsmoglegheit, vert det tilrådd ein fuktvektprosent under 12.

1.17.7 Tryggleik

Bygningen og bygningsdelar skal utformast slik at det ikkje er fare for personskadar ved nedfall av is eller snø der det er normal ferdsel omkring bygget. Tilbygget skal konstruerast med kompakt-tak med minimumsfall (flatt tak), og det vil ikkje vera aktuelt med snøfangar på tak. På eksisterande tak med ca. 22 grader, må det etablerast snøfangar for å unngå nedfall av is og snø.

1.17.8 Riving og førebuande arbeider

Tilbygget skal byggast på nedsida av eksisterande sjukeheim, med påkopling i 2 etasjar mellom ny og gamal del. Entreprenøren må gjennomføre rivearbeid på eksisterande bygningsmasse i eit slik omfang at ny bygning kan byggast saman med det eksisterande. Det må utarbeidast gode arbeidsteikningar og detaljar for denne påkoplinga. Rivingsarbeidet må gjennomførast på ein slik måte at eksisterande sjukeheim på best mogleg vis kan driftast som normalt.

Eksisterande bygg er bygd opp av tradisjonelt bindingsverk, men dekke og søyler i betong. Avstiving av bygget er i trappesjakt og heis som er bygd i betong. Det vil vera opp til entreprenøren å bestemme i detalj korleis samankoplinga med eksisterande bygg best mogleg kan gjennomførast.

Eksisterande hus/ bygning for reservekraft skal bestå og videreførast som ein integrert del av anlegget. Bygget vil framleis vera frittstående og må ha ein minimum avstand på 8 meter frå nytt/ og eller eksisterande bygg. Entreprenør må inkludere alle kostnader med tilkobling av reservekraft-anlegget også på den nye delen.

1.17.9 Miljøkartlegging og farleg avfall

Det er gjennomført miljøkartlegging og ombrukskartlegging av eksisterande bygg i 2025, sjå RIM01 Miljøkartleggingsrapport og RIM02 Rapport fra ombrukskartlegging som ligg vedlagt konkurransegrunnlaget.

Bygningsdelar blei ikkje prøvetatt og analysert for asbest under miljøkartleggingen, då bygget ble oppført etter det blei forbudt å benytte asbestholdige materialer i Norge i 1985. I byggebeskrivelsen fra 1986 er det derimot beskrive oppbygning av ytterveggar med internit i vindsperresjiktet. Internitplater inneheldt som kjent asbest, men det er også produsert internit i etterkant av asbestforbudet i 1985 utan innhald av asbest. Totalentreprenør må vurdere eventuelt behov for prøvetaking av internitplater i vindsperresjikt ved eventuell riving av desse.

Det vart ikkje påvist asbest i bygningen i 2021 ved ombygging av legesenteret.

1.18 Funksjonskrav i rom og soner (utvalde rom)

Nedanfor er det lista opp utvalde rom som er spesielt viktige for byggherre, uavhengig om desse ligg i nytt bygg eller som er del av eksisterande bygg.

1.18.1 Garderobe for tilsette

I ny kjellar under sjukeheimsavdelinga skal det etablerast nye personalgarderobar for tilsette. I tilknytning til garderobeavdelinga skal det leverast 2-delte skap for stillingar over 50 % - 4-delte skap for stillingar under 50 %. Garderobeavdelinga er planlagt med tal tilsette jamfør teikningsgrunnlaget i forprosjektet.

1.18.2 Minnerom og bårerom (kjølerom)

Bårerommet skal utformast som plassbygd kjøl, og skal ha plass til 4 bårer. Minnerom skal utformast som eit finare lokale der sørgande kan møtast. Rommet skal også kunne nyttast som møterom etter behov.

Kjølerommet bør byggast som eit rom-i-rommet. Dette inneber at ein må ha ei luftespalte mellom kjølerommet og vegg og tak på minimum 50 mm (lite)/ 100 mm (stort). Denne luftespaltar rundt kjølerom må ikkje stengast.

Av omsyn til tilstøytande rom og energiøkonomiske årsaker er det ein fordel å tilleggsisolera golvet i kjølerom. Alternativt kan ein legge inn kuldebrubrytar i golvet under bunnsvill i kjøleromsveggane.

RIBfy skal involverast i prosjektering av kjølerom, og kontrollere relevante detaljteikningar.

1.18.3 Tekniske rom

Tekniske rom må utstyrast med naudsynte spikerslag i vegg (dersom det er veggoppbygging i tre), og med golvbelegg på golv, med oppbrett og sluk. Slette og kvite vegg. Måla betongdekke i himling, dvs at det ikkje skal vera systemhimling i tekniske rom.

1.18.4 Sjøppelrom

Deler av søppelrom skal byggast som plassbygd kjøl, med golvbelegg og oppbrett med sluk. Slette vegg som skal vera enkle å reingjere. Sjøppelrom må ha sluse og dør med direkte utgang ut til varelevering.

Sjå tekst over, vedrørande kjølerom.

1.18.5 Hjelpemiddelsentral

Rommet skal utstyrt som eit lager/ verkstad, og ha slette kvite vegger, belegg på golv, systemhimling og må utstyrt med gode arbeidslys.

I urein sone må rommet utformast som våtrom, der utstyr kan spylast ned.

1.18.6 Hovudinngangsparti

Hovudinngangen i 1. etasje skal etablerast som eit tydeleg inngangsparti, med materialval som er innbydande og med høg arkitektonisk utførelse.

1.18.7 Gangareal, korridor i kjeller, 1. etg og 2. etg

Alle gangareal og korridorar skal ha slette veggar, golvbelegg på golv av type vinyl med oppbrett, og med systemhimling. Det må vera ledelinjer i golv for universell utforming, samt kontrastfarge/-belegg langs veggar og mot dører.

Alle dører tilknytt korridorar skal utførast med dørblad og sidefelt i glas. På dører i korridor skal det vera snortrekk/bryter på vegg i ein avstand som tillate opning av dør mens ein triller senga foran seg. Dette gjeld i alle etasjar. Meir om dørautomatikk i kapittel for RIE og beslag.

I korridor i alle etasjar, men spesielt i 1. og 2. etasje, skal det vera ein del sjakter tilknytt bebuar-rom. I tilknytning til desse sjaktene er det teikna avlastnings-sitteplassar. Dette er integrerte benker i korridor for at bebuarar skal kunne sette seg ned og kvile. Disse skal vera dekorative og fine, men må ikkje ha brannbelastning som gir for stor brannenergi i korridor. Dei skal vera fastmontert i vegg, med fri golv plass under for reingjering.

Det er viktig at alle gangareal og korridorar blir utført i samråd med arkitekt og byggherre for å skape attraktive areal og soner for brukarane.

Slette veggar i utvalde fargar som vert bestemt i samråd med arkitekt og byggherre.

Vandregang i skjerma avdeling er viktig å utforme slik at det blir ei naturleg gangbane for brukarane.

Det er viktig at alle korridorar er universelt utforma også med omsyn til synshemma.

Alle veggar i korridorareal må ha langsgåande beskyttelse for senger og anna som kan skade veggoverflata i driftsfasen. Denne kan samtidig fungere som håndløpar.

1.18.8 Trapperom

Trapperom skal ha slette veggar med murpuss/ pussa betong. Golvbelegg med taktile varselfelt ved trapp. Som himlingssystem kan systemhimling vera eit alternativ.

1.18.9 Sengerom

Sengerom skal ha golvbelegg av type vinyl med opprett, slette veggar og systemhimling. Alle sengerom skal leverast med sengeheis, sjå kap 6 for detaljar om heis. Slette veggar i utvalde fargar som vert bestemt i samråd med arkitekt og byggherre.

Romma skal leverast med alt av fast inventar som kleskap.

1.18.10 Bad til sengerom

Bad kan ha våtromsvinyl med oppbrett og baderomsplater. Alle bad må vera universelt utforma jamfør regelverket. Golv må vera sklisikkert og alle overflater må vera enkle å reingjere.

1.18.11 WC, bad, skyllerom

Alle våtrom som WC, HCWC, bøttekott, skyllerom, med meir, skal leverast med våtromsvinyl med oppbrett og sluk, vegg med enten veggvinyl, baderomsplater eller slette vegger med våtromsmaling der det er egna. Flatene må vera sklisikre og enkle å reingjere.

Skyllerom er delt i ulike rom for rein og urein sone. 3 skyllerom skal leverast med dekontaminator som skal monterast inne i skyllerom. Det skal også leverast og monterast varmeskap for temperering av gjenstandene som er vaska i kontaminator.

1.18.12 Våtrom generelt

Våtrom må ikkje oppfattast begrensa til nokon romtyper. Også andre typer rom kan ha utfordring med vannsøl, og difor definerast som våtrom.

Tradisjonelt blir våtrom oppfatta som baderom, dusjrom og vaskerom. Alle rom som vert nevnt med desse begrepa bør oppfattast som våtrom. Dei skal då ha sluk i golv og vanntette overflater der det er forventa at det kjem vatn. Det vil bl.a. sei med vanntette sjikt på golv og vegg. Dei vanntette sjikta på vegg kan avgrensast dersom våtrommet er stort, men våtrom under 4 m² bør ha vanntett sjikt på alle vegg. Dei vanntette sjikta som skal nyttast må ha SINTEF Byggforsk Teknisk Godkjenning eller tilsvarende dokumentasjon. Dersom våtrommet har ein yttervegg, så må membranen tilfredsstilla same damp tettheit som vert stilt til dampspærre i yttervegg. Golvet bør ha eit fall på 1:50 minimum 0,8 m frå sluk. Resten av golvet bør ha eit fall på 1:100.

Det skal vera minst 2,5 cm høgdeforskjell frå slukrist til membranen sitt lågaste punkt, noko som oftast er ved dør. Golvmembran må aldri avsluttast lågare enn topp overflate ved dør, men det vert tilrådd at membran vert ført høgare opp enn golvnivå ved ein terskel. Sluk skal ha ein korrekt samhörighet til membranlag på golv.

Påstrykningsmembranar må ha eigna mansjettar knytt til rørgjennomføringar og sluk. Det vert tilrådd å nytta membran av banevare på golv. Denne kan normalt ligge både over og under påstøyp. Dersom det er trinnlydsdemping i golv må det vere ein overliggande membran, og denne må kunne oppta bevegelser i underlaget. Krav til falloppbygning, tilgjengelighet og estetikk gjer at det normalt vert etablert ein nedsenk i dekket for garderobe/bad.

I tillegg til desse krava som framgår av TEK17 er det bl.a. krav til lekkasjevarsling, vannskadesikre installasjonar, utskiftbarheit og universell utforming. Det vert henvist til TEK17 og tekniske løysingar i Byggebransjens Våtromsnorm.

Generelt vert det tilrådd bruk av våtromsplater eller fibersementplater som underlag for membran/vinylbelegg framfor bruk av gips. Dette vert grunngjeve med at gipsplater toler fukt dårlegare enn desse materiala og at muggsopp har gode veksthøve på gipsplater.

1.18.13 Lager og bodareal

Lager tilknytt skyllerom vert rekna som rein sone. Slette vegg, vinylbelegg på golv, ikkje systemhimling i tak for utnytting av full takhøgde.

1.18.14 Felles opphaldsareal for bebuarar

Generelt skal alle felles opphaldsareal ha vinylbelegg på golv med oppbrett. Slette veggar i utvalde fargar som vert bestemt i samråd med arkitekt og byggherre.

Alle dører og skyvedører tilknytt fellesrom skal ha dørblad med mest mogleg glas. Systemhimling i tak. Dører ut på felles terrassar skal ha brytar på vegg for automatisk opning for å legge tilrette for enkel bruk for bebuarar. Meir om dette i kapittel for elektro/ RIE.

Kjøkken på felles opphaldsrom skal utstyrt med integrerte kvitevarer som platetopp, komfyr, kjøleskap og oppvaskmaskin. Vask, hylleplass samt diskplass. Det skal leverast komplette kjøkken på til saman 3 fellesrom. Det skal ikkje leverast hev/ senk i sjukeroms-avdelinga, eller på skjerma avdelinga.

1.18.15 Vaktrom og personalrom

Vaktrom skal utstyrt med vindaug ut mot korridor. 2 av vindaugene i kvart vaktrom skal leverast med bua glas for betre oversikt for personalet. Datarack og UPS-skap kan plasserast i vaktrom. Det må då etablerast rom i rommet som utgjør eigne brannceller, og som må vera godt lydisolerte, for å unngå støy i vaktrom.

Møterom skal utstyrt med alt av møteromsfasilitetar, meir info i RIE-kapittel. Vinyl på golv med oppbrett og slette veggar i utvalde farger.

1.18.16 Rom for elektrisk lading

Rom for lading skal etablerast i kjeller og må prosjekterast som eige branncelle. Det skal ikkje vera lading på natt, men berre når det er personale på plass. Det må etablerast el-styring på laderommet.

1.18.17 Reinhaldssentral

Rommet skal utformast som våtrom, og ha slette kvite vegger, belegg på golv, systemhimling og må utstyrt med gode arbeidslys. Sluk/renne spesifisert som type Furo 325 eller i tilsvarende kvalitet.

Vaskebenk i rustfritt stål med utslagsvask og vaskeromsarmatur med svingbar tut, som type FURO 949, eller i tilsvarende kvalitet.

Slangetrommel for montering på vegg med spylepistol, for påfylling av moppevaskemaskiner.

Straumuttak for industrivaskemaskin, kjøleskap og til ladepunkter for vaskeutstyr.

Uttak for direkte tilkopling av vatn til vaskemaskiner.

1.19 Fargeval, overflater og materialer

Det er viktig med trivsel for bebuarar, tilsette og besøkande. Det skal utarbeidast frå arkitekt i samråd med byggherre eit fargeskjema, som tek for seg fargebruken på veggar, golv og dører, samt utvendige felt i fasaden. Det er viktig at fargar og kontrastfargar går saman og at det skapar harmoni i bygget. Det er viktig med god fargebruk i bygget, og det er viktig for byggherren at det vert fokus på å oppnå ein god, harmonisk fargebruk som skapar trivsel for bebuarar, besøkande og for tilsette.

Komplett material og fargeplan skal leggst fram for byggherren for godkjenning minimum tre veker før bestilling av aktuelle material. Byggherre skal kunne velje overflater og fargar fritt innanfor eit standard sortiment på minimum 3 fargar.

Fargeval må ta omsyn til universell utforming og ha gode kontrastar.

1.19.1 Veggoverflater innvendig

Det vert lagt opp til slette overflater av type sparkla gips/ fibergips med malt overflate. Det skal vera 4 hovudfargar i bygget, der kvit overflate ikkje vert rekna som ein av desse, og 4 kontrastfargar til desse. Totalt må TE rekne med at det vert brukt 8 ulike fargar innvendig i bygget i ulik mengde.

Det kan også vera aktuelt med innslag av treverk som overflater i fellesareala etc. som vil skapa trivsel, samt bidra til eit godt innemiljø.

1.19.2 Veggoverflater utvendig

Generelt skal veggjar utførast med materialer med lang levealder og med ein vedlikehaldsvennleg profil. Forprosjektet vil ikkje legge føringar på kva materialoverflater eller produkt TE velger, men det skal vera eit høgt fokus på arkitektoniske løysingar, vedlikehald og berekraft. Alle fasadar og materialval skal godkjennast av Byggherre.

1.19.3 Golvoverflater

Det skal leggst opp til at det skal leverast 4 + 4 ulike vinylbelegg, 8 ulike typar. 4 hovudtypar og 4 kontrastbelegg.

1.19.4 Vindauger

Alle utvendige vindauger skal leverast i ein farge, jamfør fargeskjema. Beslag over og under vindu, samt tette felt mellom vindauger skal hovudsakleg leverast i lik farge som vindu.

Innvendige vindauger, samt innsida av yttervindauger skal kunne leverast med anna overflatefarge enn utvendig, jamfør fargeskjema.

1.19.5 Dører

Utvendige dører skal leverast som vindauger i overflatefarge. Dette gjeld alle dører inkludert terrassedører på fellesrom. Ytterdører skal leverast med same farge på utsida som for innsida.

Innvendige dører skal leverast med ulike fargar. Det skal leverast dører i opp til 8 ulike fargar, i tillegg til standard grå på dørene. Ingen dører skal leverast som standard kvit. Det kan vera ulike fargar for ulike soner, etasjer, kategori osv.

1.19.6 Utvendige støttemurer

Utvendige støttemurer i betong/ lettklinker skal utførast med utvendig puss-konstruksjon med farge innlagt i puss. Farge skal avklarast med arkitekt/ byggherre, og kan til dømes ta utgangspunkt i Weber standard fargar for puss, slutt puss og maling. Det kan nyttast støttemurar i naturstein/ maskinmuring, der dette er naturleg.

1.20 Opsjonar i prosjektet

I denne funksjonsbeskrivelse er det fleire stader bedt om opsjon på leveranser, og dette kapitlet, 1.20, oppsummerer alle opsjonar som byggherren ønsker i prosjektet. Opsjonane skal prisast i tilbodsskjema og vil vera ein del av evalueringsprisen. Det skal avtalast ved inngåing av kontrakt kva opsjonar som eventuelt skal utløysast. Byggherren kan også bestille opsjonar på eit seinare tidspunkt under byggetida.

Opsjonar i prosjektet:

- Sjakt for skittentøy (sjå kap. 2.9.4)
- Lynvernlegg for tilbygget (sjå kap. 4.1)
- Fettutskiller (Utskifting av eksisterande, og etablering av ny)
- Tak over parkering for bil (sjå kap. 7.2.4)
- Tak over parkering for sykkel (Sjå kap. 7.2.4)
- Etterisolering av yttervegger i eksisterende bygg (sjå kap. 2.3.2)
- Nye vinduer i eksisterande bygg (Sjå kap. 2.3.3)
- Renovering av yttertak (Sjå kap. 2.6.1)

2 Bygningsteknisk utførelse

2.0 Bygning, generelt

Prosjektet omfattar nytt tilbygg, samt ombygging og rehabilitering av deler av eksisterande bygg. I tillegg er det planlagt rehabilitering av alle eksisterande yttervegger og tak, oppgraderast i samsvar med energinotat og så langt teknisk og økonomisk forsvarleg. Dette gjeld også delvis på dei deler av bygget som ikkje skal renoverast innvendig. Legesenteret vart pussa opp i 2022, og er ikkje ein del av prosjektet. Eksisterande bygg skal fungere som bustader og arbeidsplass under hele byggeperioden.

På eksisterande bygg skal ytterveggar renoverst og oppgraderast med betre klimavegger jamfør energinotatet, inkludert vinduer og dører. Taket skal rehabiliterast likt som blei utført på legesenteret i 2022. Deler av eksisterande bygg skal ikkje rehabiliterast innvendig i denne omgang, dette gjeld til dømes kjøkken og storstove i 1. etasje, samt omsorgsbustader i kjeller. Areal som ikkje skal rehabiliterast innvendig er skravert i planteikningar.

Det skal generelt nyttast anerkjente og gjennomprøvde konstruksjonar, komponent og material med lågast mogleg vedlikehaldsbehov. Antal produktvariantar bør avgrensast med tanke på utskifting av forbruksdeler. Generelt skal alle overflater og fast innreiing tole hard bruk og personbelastning over tid.

Det er i etterfølgande beskrivelse og i teikningar gitt generelle overordna føringar mht. utforming og vist til eksempel på materialbruk og detaljering. Beskrivelse utarbeida i denne fasen og vedlagt tilbodsmateriellet er ikkje fyllestgjerrande for ei komplett løysning. Beskrivne kvalitetar skal leverast og inngå i pris. Tilbodet skal ta med komplette arbeider for en fullverdig fagmessig utføring med presis detaljering og gode materialkvalitetar.

Bygning og romnummerering

Romnummer er gitt etter:

Bygningsnummer – Etasje – Romgruppe – løpenummer

Romma kan kortast ned til å ikkje bruke løpenummer i dagleg drift.

For eksempel:

C1011 – Sengerom

C1012 – Bad

C101 kan nyttast felles for sengerom og bad.

Bygning:

A – Legesenter

B – Eksisterande del

C – Tilbygg

Eventuelt andre bygninger som eksisterande bygg for nødstrømsaggregat eller ny trafobygg kan ha eige nummerering.

2.0.1 Riving og forberedende arbeider

Eksisterande bygg kan delast inn i tre ulike nivå etter kva som skal gjerast med areala. Dei ulike areala viser på teikning kva som er i dei ulike nivåa:

Nivå 1) Ingen ombygging:

Denne delen skal i utgangspunktet ikkje renoverast, med unntak av utvendig del av klimavegg, samt utvendige dører og vindu, samt yttertak. Dette er til dømes kjøkkenfløyen, storstova og omsorgsbustader nede i kjeller. Arbeidet med etterisolering av vegg, utskifting av vindu og rehabilitering av yttertak skal tilbys som opsjon.

Nivå 2) Delvis renovering:

Dette er arealer som vil få ny bruk, og enkelte vegger skal rivast for optimalisering av planløyisinga. Areal vil få nye overflater, på vegg, golv og himling, samt yttervegger med nye dører og vindu, og etterisolering innvendig og utvendig. Dette er til dømes dei renoverte areala i kjeller, samt rom i nærleikken av storstove i 1. etasje. I denne delen skal hovudsakleg eksisterande tekniske installasjonar videreførast med mindre justeringar og ombyggingar.

Nivå 3) Full ombygging og renovering:

I denne delen skal areala få ein heilt ny bruk og layout. Mestdelen av golv, vegger og tak, samt vindusinnndeling og yttervegger skal byggast om og renoverast. Det blir også stort sett nye tekniske installasjonar og samt at taket skal hevast for betre takhøgde. Dette gjeld for den nye skjerma avdeling.

Det er utarbeidd eit sonekart som viser dei ulike sonene i eksisterande bygg.

Sjå også riveplan for komplett oversikt over kva vegger og element som skal rivast i eksisterande bygg. Det er i utgangspunktet ingen innvendige betongvegger eller betongsøyler som skal rivast. Ny planløyising har tatt utgangspunkt i eksisterande berekonstruksjon.

Generelt om yttervegger

Alle yttervegger (utanom legesenteret) skal rehabiliterast, som betyr at ytterkledning og alle sjikt inn til bindingsverk skal rivast. Alle utvendige vindu og dører skal demonterast. På den delen av bygget som skal renoverast innvendig skal også innvendige overflater og sjikt inn til bindingsverk rivast. Det betyr også alt av lister og foringar.

Generelt om innervegger

Alle innervegger i den delen av eksisterande bygg som skal renoverast skal som utgangspunkt rivast med noko unntak. Der ein kan bevare ein innvendig vegg, bør ein prøve å bevare denne, så langt det lar deg gjere med omsyn til brann, akustikk etc. Riveplan viser utgangspunktet for kva som skal rivast og kva som skal bevarast.

Ny planløyising prøver så langt det lar seg gjere å bruke mest mogleg av eksisterande inndeling, slik at ombygging av eksisterande tekniske instrallasjonar kan bevarast best mogleg.

Den delen som skal byggast om til skjerma avdeling, vil få ein heilt ny rominndeling, og her vil det vera naudsynt å rive alle eksisterande vegger.

Himling og gulvoverflate

Eksisterande himling og gulvoverflate skal rivast ned og byggast opp på ny på dei deler som skal rehabiliterast. Der ein kan nytte eksisterande konstruksjon, himling og gulv, skal ein tilstrebe å ta vare på eksisterande element.

2.1 Grunn og fundamenter

Omfattar byggegrop, grunnforsterkning og fundamenter.

2.1.1 Klargjering av tomt

Tomta vil bli klargjort for totalentreprenør ved oppstart av byggearbeida. Deler av tomta vil vera fritt tilgjengeleg for totalentreprenøren ved oppstart, medan andre deler vil vera nytta som del av drifta av den eksisterande sjukeheimen. Dette vil bli avklart på tilbodssynfaring.

2.1.2 Byggegrøp

Grunnundersøking er utført på tomta, og rapport for dette er vedlagt konkurransegrunnlaget.

Grunntilhøva som bygget skal fundamenterast på, er i dag jordbruksareal/ beiteareal. Det er utført grunnundersøking på tomta, og entreprenøren må legge resultatet av denne til grunn i sitt tilbod.

Bæring elles er opp til totalentreprenør og hans byggt tekniske rådgjevar (RIB). Ringmur og veggjar må isolerast. Isolasjon uansett utførelse iht krav TEK-17. Evt. sålefundament og forsterkningar må vurderast under entreprenøren si prosjektering og beregningsresultat.

Overvatn må leiast til egna overvasskum /-system jamfør VAO rammeplan.

Totalentreprenøren må gjera seg kjent på tomta. Nødvendig profilering ift. masseberegning må entreprenøren utføra for riktige måleresultat av utgrave mengde. Dette gjeld også for eventuelle VA-grøfter.

Ved direkte fundamentering skal entreprenøren dokumentere bereevne av grunn.

2.1.3 Gravearbeid

Det er ikkje synleg fjell på tomta, og det er ein føresetnad i konkurransegrunnlaget at det ikkje vil vera aktuelt med sprenging av byggegrop.

Utgravne massar som ikkje kan brukast på tomta er totalentreprenøren sin eigendom og skal transporterast bort. Evt. forureina massar skal fjernast og køyrast til godkjent deponi. Opplasting, mellomlagring og ev. bortkøyring skal vera inkludert i prisane.

2.1.4 Drenering

Totalentreprenøren skal ta med legging av nødvendige drensleidningar rundt bygget med inspeksjons-/stakekummar i hjørne, overvatn skal førast til egna overvasskum, jamfør VAO rammeplan.

Dreneringa skal vere dimensjonert i samsvar med til dømes Sintef Byggforsk blad 451.031

2.1.5 Utstyr og komplettering for fundamenter

Entreprenør skal ta med alle kostnader for gruber, fotskraperister inkl. skinner, slisser etc. Fotskraperister SKAL etablerast ved alle inngangsparti.

2.1.6 Radon i grunnen

Ifm. tilbygget skal totalentreprenøren sikra bygget mot radon iht. byggdetaljblad 520.706 *Sikring mot radon ved nybygging*. Bygget skal prosjekterast og utførast med radonførebyggande tiltak slik at innstrømming av radon frå grunn avgrensast. Det skal takast med radonsperre mot grunnen.

Det skal brukast radonsperre med bruksgruppe B (andre bruksgrupper kan vurderast), membranen skal leggjast på ferdig avretta underlag av isolasjon. På oversida beskyttast membranen med isolasjon. Isolasjonen over radonsperra bør vera maksimalt 1/3 av den totale tjuknaden på isolasjon i golvet. Ved flytande betonggolv skal det leggjast to lag plast mellom isolasjon og betong. Tettesjikt skal førast utanfor vegglivet med lufttett tilslutning til vegg/fundament. Rørgjennomføringar skal tettast med mansjett eller flytande masse ved fleire røyr.

I tillegg skal byggegrunn tilretteleggast for egna tiltak som kan aktiverast når radonkonsentrasjon i inneluft overstig 100 Bq/m³. Det skal leggjast radonbrønn eller strenger med perforerte røyr i det kapillærbrytande sjiktet under betongplata. Avtrekksrøyr frå grunnen skal utformast slik at avtrekkslufta ikkje vil trekka inn i bygget.

Totalentreprenøren skal føreta tilstrekkeleg med målingar etter at bygget er satt i drift, og dokumentera at radonkonsentrasjon i inneluft ikkje overstig 100 Bq/m³.

Tomta som sjukeheimen ligg på har aktsomhetsgrad «Høy» iht. NGU (Norges geotekniske undersøkelse) sitt aktsomhetskart. Kinsarvik er også ein av dei områda i landet med registrerte høge verdiar av Radon, det vil difor vera eit særskilt viktig fokusområde for kommunen i dette prosjektet.

Dersom det skal nyttast stadlege massar, eller massar frå område utsett for radon i grunnen, må totalentreprenør visa dokumentasjon på at massane ikkje inneheld slik mengde radon at dette vil kunne påverke radonverdiene i bygget.

Entreprenøren kan få tilsendt eventuelle radon-målingar på eksisterande sjukeheim dersom dette er ønskeleg.

For eksisterande bygg skal det ikkje gjerast arbeider i grunnen, og det vil difor ikkje vera relevant. Eventuell handtering av radon må skje ved innregulering av ventilasjon.

2.2 Berande konstruksjonar

2.2.1 Beresystem generelt

- Utforming av bygget framgår av teikningar. Totalentreprenøren står fritt til å velje type beresystem, anten plassbygd eller prefabrikkert, innanfor dei funksjonskrava som er stilte.
- Totalentreprenøren skal gjere seg kjent med tilgjengeleg riggområde og transporttilhøve til og frå byggeplassen. Val av konstruksjonsløyising skal vurderast i samsvar med praktisk gjennomføring, byggeteknisk optimalitet og gjeldande god praksis.
- Val av beresystem skal baserast på tekniske, økonomiske og miljømessige vurderingar. Konstruksjonsmodulen skal vere teknisk og økonomisk rasjonell og leggje til rette for effektiv produksjon og montasje.
- Spesielle brukslaster frå bruk, installasjonar, utstyr eller materiell skal kartleggjast i prosjektering og integrerast i berekningar og løysingar på ein rasjonell måte.
- Brannmotstand skal sikrast gjennom val av eigna materialar, overdekning eller ved bruk av brannisolasjon/brannmaling på stålkonstruksjonar, slik at krav i gjeldande brannklasse vert oppfylt.

- Totalentreprenøren er ansvarleg for brannteknisk dimensjonering av element og system som inngår i eiga leveranse, og for levering og montering av nødvendig brannisolasjon.
- Byggets stabilitet skal dokumenterast for både montasjefase og permanent situasjon.
- Konstruksjonar og tilslutningar skal utformast slik at kuldebruer vert minimaliserte, og slik at vatn frå tak og balkongar vert leidd bort på ein sikker og kontrollert måte.
- Bygget sin stabilitet ivaretaast av trapp- og heissjakter i betong samt andre avstivande skiver eller kryss i bygget om nødvendig.

For brannbeskyttelse av berande konstruksjonar, sjå vedlagt Brannkonsept.

2.2.2 Nytt Tilbygg

Beresystemet skal utformast slik at det oppfyller krav til bereevne, stabilitet, stivheit, brannmotstand, lydisolasjon og bestandigheit i samsvar med gjeldande standardar, forskrifter og byggets risikoklasse. Systemet skal vidare leggast til rette for rasjonell bygging og tilstrekkeleg fleksibilitet i utføringsfasen.

Nytt bygg er planlagt oppført med eit beresystem i betongkonstruksjonar i kjellaretasjen inkludert dekke over kjellar. Bruk av prefabrikkerte eller stadstøypte konstruksjonar er opp til entreprenør å velje. Trapp- og heissjakt kan oppførast i stadstøypte betongkonstruksjonar i alle etasjar dersom entreprenør ynskjer det.

For etasjane over kjellar kan entreprenør velje konstruksjonsløyising og materialbruk fritt, under føresetnad av at alle funksjonskrav vert oppfylt. Prosjektering av bere- og stabiliserande konstruksjonar skal utførast i samsvar med krav i Byggteknisk forskrift (TEK17). Dimensjonering skal utførast etter relevante delar av NS-EN Eurokode med tilhøyrande nasjonale tillegg (NA). Konstruksjonane skal dokumenterast med omsyn til bereevne (bruddgrensetilstand), bruksgrensetilstandar inkludert deformasjonar og vibrasjonar, global stabilitet og robustheit, samt krav til brannmotstand, bestandigheit og levetid. Vidare skal konstruksjonane prosjekterast med omsyn til rasjonell utføring og naudsynte forhold i byggefasen, og tilfredsstillende relevante krav til lyd- og fukttekniske eigenskapar.

Betong- og stålkonstruksjonar vert tilrådd som hovudløyising, då dette gir høg grad av sikkerheit i høve til gjeldande risikoklasse, branntekniske krav og byggjeprosess. Dersom trekonstruksjonar vert vurdert nytta, skal det dokumenterast at desse tilfredsstiller dei same funksjonskrava som øvrige materialalternativ.

Materialval skal tilpassast byggets tekniske og arkitektoniske føresetnader. Berekonstruksjonar vil i hovudsak ikkje vere synlege i ferdig bygg, og det skal difor leggast vekt på funksjonelle og driftsmessige eigenskapar framfor estetiske omsyn.

2.2.3 Eksisterande bygg

Berekonstruksjonen for eksisterande bygg skal i all hovudsak videreførast. Eksisterande etasjeskille er av betong, og står på betongveggar i kjellar samt betongsøyler. Trapp og heissjakt er utført i betong. Dekke og deler av vegg i etasjen over 1.etasje, ventilasjonsrom, er også bygd opp av betong og står på betongsøyler og veggar.

Yttervegg er av tradisjonelt bindingsverk og takkonstruksjon er W-takstoler bygd opp som valm-konstruksjon. Ifm. rehabilitering og oppgradering av tak, er det planlagt at ca. halve yttertaket skal rivast heilt og byggast opp på nytt, men noko endra utforming og høgde. Sjå kapittel for tak-konstruksjon.

2.3 Ytterveggar

2.3.1 Ytterveggar generelt

Ambisjonsnivået med omsyn til arkitektonisk utforming og materialbruk er vist på fasadeteikningar, snitt eller i eventuelle illustrasjonar. Endeleg teknisk løysing mtp. alle bygningsfysiske forhold skal løysast i detalj og fram visast byggherre.

Sjå premissdokument bygningsfysikk.

Yttervegg skal som minimum tilfredsstilla krav i gjeldande forskrifter med mindre anna er angitt. Veggjar skal prosjekterast og utførast iht. krav og tilrådingar i relevante byggdetaljar frå Byggforsk og prosjekteringsanvisningar frå produsent av valde komponentar. Detaljer og utforming skal vera anerkjente og utprøvde løysingar av god kvalitet.

2.3.2 Ytterveggar og fasadar

Ved val av fasademateriale skal det leggjast vekt på å oppnå ein fasade som krev minst mogleg vedlikehald. Ambisjonsnivået med omsyn til arkitektonisk utforming og materialbruk er vist på fasadeteikningar, snitt eller i eventuelle illustrasjonar. Endeleg teknisk løysing mtp. alle bygningsfysiske forhold skal løysast i detalj og framvisast byggherre. Endeleg materialval og fargar skal vere iht. material og fargeplan, som vidare skal godkjennast av byggherre og byggherrens arkitekt.

Yttervegg er tenkt oppført som klimavegg og kan byggast opp som tradisjonelt bindingsverk, med utlekting og lufta ytterkledning.

Alle fuger, tilslutningar m.v. i ytterveggar skal utførast som 2-trinns tetting. Fugemasse skal ikkje eksponerast for «sol og regn». Veggens konstruksjon, samt tilslutning til søyler, etasjeskiljarar eller liknande skal utførast slik at ein unngår kuldebruer. Vindtetting av yttervegg må spesielt takast omsyn til med ekstra merksemd.

- Yttervegg skal som minimum tilfredsstilla krav i gjeldande forskrifter med mindre anna er angitt. Veggjar skal prosjekterast og utførast iht. krav og tilrådingar i relevante byggdetaljar frå Byggforsk og prosjekteringsanvisningar frå produsent av valde komponentar.
- Detaljer og utforming skal vera anerkjente og utprøvde løysingar av god kvalitet.
- Ved val av fasademateriale skal det leggjast vekt på å oppnå ein fasade som krev minst mogleg vedlikehald.
- Alle utvendige beslag på fasade og tak som er utsett for nedbør skal vera skøytt ved dobbel falsing, kfr. Byggdetaljar 544.221.
- Alle utvendige fuger skal vera tetta i samsvar med prinsipp for to-trinns tetting, dvs. fuging med elastisk fugemasse mot bakfylling eller vindtetting med vindsperre med klemde skøyttar som indre tetting og dekklistar utvendig. Fugebreidde skal ikkje overstiga 25mm.
- Utforming av veggjar skal sikra at yttervegg ikkje vert utsett for nedfukting eller skadeleg fuktkonsentrasjon i vegg.

Yttervegg i eksisterande bygg

Veggane i eksisterande bygg skal renoverast med etterisolering både på utsida og på innsida. Det skal etablerast ny vindtetting med utvendig GUX-gips og fiberduk, samt ny utvendig kledning. Utvendig kledning og utvendige løysingar skal vera tilsvarande eksisterande kledning. Legesenteret kan brukast som referanse på korleis utforminga kan vera.

Det skal som hovudregel etterisolerast med 100mm isolasjon på heile eksisterande bygg (eksklusivt legesenter), samt 50 mm innvendig på den delen av bygget som skal renoverast. Den delen av bygget som ikkje skal renoverast, skal heller ikkje ha innvendig etterisolering, og arbeid ifm. utvendig etterisolering av denne delen skal tilbys som opsjon.

Innvendig kledning på yttervegg

- Innvendig kledning skal utførast med gipsplater (yste plate av robustgips/ fibergips). Ved bruk av gips skal hjørnebeskyttelse for sparkling monterast på ytterhjørne av gipsplater og i ubeskytta smyg av gipsplater. Alle synlege kantar på gipsplate som skal koblast til åpningskompletteringar (for eksempel i smyg mot vindauger) skal ha kantbeskyttelse. I våtrom mot yttervegg skal kledning på innsida av yttervegg utførast med våtromsplater i same tal lag som gipsplater i aktuell vegg.
- Der det vert etablert våtrom på yttervegg, og vegg består enten av våtromsplater, membran eller andre diffusjonstette plater/ element, skal det ikkje etablerast diffusjonsplast i vegg.

2.3.3 Vindauger, dører og portar

Generelt

- Sjå Vinduskjema og Dørskjema, utarbeidd som ein del av teikningsgrunnlaget.
- Alle fargar på vindu, ventiler og røykluker skal vera førelagt og godkjent av byggherre/arkitekt før produksjon. Vindauger skal utførast av laminert tryggingsglas der forskrifta krev dette. Vindauger skal leverast med minimum 10 års garanti, og skal vera produsert ved fabrikk tilslutta Norsk dør- og vinduskontroll (NDVK) eller liknande kontrollordning.
- Eksisterande vindu: Der eksisterande vindu skal bytast i tilsvarande må det takast kontrollmål før bestilling.
- Vindauger, ytterdører og port skal vere iht. NS3170 sikkerheitsklasse 2 eller betre. Beslag og utstyr for sikkerheit skal være FG-godkjent.
- Dører skal i utgangspunktet ha heilt flate tersklar, nivåforskjellar mellom toppen av terskel, gulvbelegg både inne og ute skal vere maks 15 mm.
- Inngangs dører og dører til uteplassar kan ha ein låg, avfaset terskel på inntil 15 mm.
- Inspeksjonsluker o.l. skal ha sylindarlås med same vaktmeisternøkkel til alle luker. Myntlåsar o.l. som kan opnast av uvedkomande skal ikkje nyttast.
- Alle fargar på dører og inspeksjonsluker skal vera førelagt og godkjent av byggherre/arkitekt før produksjon.

Dører i yttervegg

- Ytterdører med slagdør og eventuelle sidefelt skal utførast i aluminium og skal ha klemfrie profiler. Tersklar skal vera sklisikre og vera utført i rustfritt stål. Dørpumper skal plasserast iht. brannkrav til bygningen, og dører skal vere universelt utforma, og ha dørautomatikk, med unntak av servicedører. Dører skal vera utført med utvendig aluminiumskledning i valfri RAL farge, og isolerglas utført av laminert sikkerheitsglas.
- Ytterdører i glass med skyvedørfunksjon skal utførast i aluminium.
- Krav til U-verdi, alle ytterdører skal minimum ha u-verdi $U < 0,8 \text{ W/m}^2\text{K}$
- Dører skal pulverlakkast i valfri RAL-farge
- Avskrapingsrist skal plasserast framom alle ytterdører for å hindre at sand og skitt blir frakta inn i bygget. Ristene skal ha ein minste ganglengde på 1,5 meter og vera minst like brei som dørfeltet, og leggst i plan med øvrig beleg i inngangssona. Den skal leggst i ein brønn med drenering. Rist skal ha maskemål på maks. 10 x 20 mm med lengderetninga på maskene i gangretninga. Det skal ikkje vera nivåforskjell mellom golv ute og golv inne ved inngangspartiet. Om døra har terskel skal den ikkje bygge meir enn 15 mm over golvnivå.

Vindauger i yttervegg

- Vindauger skal som hovudregel vera utført i vakuumimpregnert trevirke (innv), måla i NCS-farge på fabrikk som lågenergivinduer med utvendig aluminiumskledning i pulverlakkert RAL-farge. Det kan vera aktuelt at nokon vindu/ vindusfelt har karmar i aluminium (ikkje alubelakt trevindu). Dette kan vera ved inngangsparti, trappeoppgang etc. der det er naturleg med «glassfasade».
- Vindauger skal vera av 3-lags isolerglass med energibelegg. U verdi = $0.8 \text{ W/m}^2\text{k}$. Tre skal vera av furu som skal utførast med heildekkande, målebehandling etter valfri farge frå arkitekt/ byggherre.
- Vindauge skal som hovudregel ha utføring med beslag på alle vannbrett over og under vindauge, enkel list i sidene (utvendig utføring), ingen belistning ut over det. Val av utvendige fasademateriale vil vera avgjerande for endeleg vindusdetaljar.
- Det må etablerast membran mellom losholt og vinduskarm som ekstra fuktsikring, der vindu vert trekt inn i vegglivet, smyg. Membranen bør vera heilklebende, og monterast på losholt samt minst 50 mm opp på sidene i vindussmyg. Byggdetaljblad 523.701 "*Innsetting av vindu i vegger av bindingsverk*", beskriver nærmare plassering av vindu.
- Vindauger skal plasserast med smyg i vegg. Ved 250mm isolasjon, bør vindu plasserast med minimum 200mm smyg frå utvendig kledning.
- Prinsipp for vindusmontering gjelder også for montering av ytterdører og glassfasader.
- De fleste utførande har eigne ønsker og erfaringar om korleis vindu og dører bør settast inn. Det anbefalast difor at det er ein dialog mellom RIByfy, ARK og utførande slik at ein får fram ei best mogleg løysing i fellesskap.
- Vindusinnfesting må vera solid, og det må sørgast for god tetting. Utvendig omramming og tetting skal hindra regn for å trenga inn i vegg via fuge mellom vindu og vegg. Samtidig må fuge vera drenert, og ha tilstrekkeleg uttørkingsmoglegheit til at oppfukta materialer tørkar raskast mogleg. Fuge må i tillegg vera tilstrekkeleg lufttett for å stoppe luftlekkasjar på inn- og utside av vindusinnfestinga, og ha god heft mot tilstøtande materialar (eksempelvis losholt, membran og vinduskarm). Detaljutføring ved tetting, lufting og sålbenk – og vannbrettløysingar må viast stor merksemd.

- Fuger rundt vindu og dører bør dyttast med mineralull. I tillegg bør det nyttast tape som festast på vindsperra og brettast inn på løsholt, under vinduet, opp på vindussmyget og over beslag i topp vindu. Tape festast då mot beslag og vindsperre. Tape må ha dokumentert vedheft mot tilgrensande materialer. Vannbrett- og sålbenkbeslag må ha fall minimum 1:5.



Bildet viser prinsipp med listing av vindu. Vannbord over og under med beslag, utforing på sidene og stående kledning som listverk på sidene.

- Krav til U-verdi vindauger:
- Faste Vindauger: $U < 0,8 \text{ W/m}^2\text{K}$ for glas og rammeverk
- Opningsvindauger: $U < 0,8 \text{ W/m}^2\text{K}$ for glas og rammeverk
- Alle fargar skal vera førelagt byggherre og arkitekt før produksjon. Det er lagt opp til vindauger i farge «Antracite» som hovudfarge. Vindauger og terrassedører i mindre felt skal ha ulike fargar og skal følge fargeskjema frå arkitekt.
- Vindauger skal utførast av laminert sikkerheitsglas der forskrifta krev dette.
- Vindauger skal leverast med 10 års garanti, og skal vera produsert ved fabrikk tilslutta Norsk dør- og vinduskontroll (NDVK) eller likeverdig kontrollordning.
- Opningsvindauger skal kunne vaskast/pussast på begge sider innanfrå.
- Eksponert fasade mot aust, sør og vest skal ha glas med nøytral utsjåande, type Pilkington, samt solavskjerming. Samla total solfaktor for solutsett fasade skal vera iht. minstekrav i TEK17.

Solavskjerming

- Solavskjerming må sjåast i samanheng med krava til inneklimate og komfort i kapittel for VVS.
- Det skal vera utvendig solavskjerming på alle vindauger i 1. og 2. etasje på nytt bygg, samt på eksisterande bygg med fasade mot sør og vest. Avskjerming skal utførast med god kvalitet. Solavskjerming skal bestå i «rullegardin» type Screen-markiser med styreskinne og automatisk

motorisert betjening. Lakkerte styreskinner og duk-kasse i RAL-farge. Duktype tilpassa skjermingskrav. Sjå RIE-kapittel for styring.


- Det er ønskeleg at duk-kasse blir prosjektert slik at denne kjem innanfor ytterkledning og best mogleg skjult. Synleg del av duk-kasse skal vera i same farge som vindu og beslag.
- Vindu med solskjerming skal slå innover, for å ikkje kome i konflikt med eventuell solskjerming.
- Det er mykje vind og kastevind i området, og eit utvendig solskjerming-system må vera dimensjonert for dette.

Vindusbrett

- Vindusbrett og foringar skal utførast av massiv stavlimt furu, og ha ei overflate av høgtrykkslaminat type Formica el. liknande. Vindusbrett skal monterast med lim, med nødvendig breidde.

2.3.4 Beslag i yttervegg (og tak)

- Generelt skal beslag ikkje vera det einaste tettesjiktet mot vassinntrenging, men ha ein underliggande, tett membran.
- Dersom beslag skal festast inn mot høgareliggande vegg, må det slissast inn i vegg.
- Utvendige fuger skal ikkje vera direkte eksponert mot nedbør og sollys, men ha eit beslag over som beskyttar fuga. På denne måten får ein ei god og varig to-trinns tetting.
- Beslag bør tilleggast stor merksemd i prosjekteringa og spesielt i utføringa. Mengda beslag og montering av beslag avhenger av dei til slutt valte konstruksjonsløsningane og materiala. Det er viktig at det brukast innfestingsbeslag på gesimsar, og i overgangar mellom beslag, som vist prinsipielt i figur under. Med innfestingsbeslag får ein dekkja over festepunkt slik at ein unngår vassinntrenging.



C

Prinsipp for bruk av innfestingsbeslag. Fra Bygghandboken 520.415.

- Farge på sålbekk, vannbrett og øvrige beslag vert bestemt i samarbeid med byggherre og arkitekt. Prøver på beslagsplater skal leggast fram i god tid før bestilling, for evaluering og godkjenning av bestillar.
- Beslag skal vera korrosjonsbestandige og av typen Titansink.

2.4 Innervegger

Innervegger skal ivareta brann- og lydkrav sett til veggar, sjå dokument:

- Brannteknisk konsept og
- Premisshotat for akustikk

Totalentreprenør har ansvar for å prosjektere brann og akustikk og bereevne, og vidare sikre at krav blir ivaretatt:

- Alle gjennomføringer blir tetta, iht brann- og lydkrav.
- Det skal være forsterkning i veggar (spikerslag), der dette er naudsynt for innfesting, eksempelvis av vegghegte skap, toaletter, toalettarmstøtte, servanter, toalett garnityr, dørstoppere, flatskjermer og andre tekniske installasjonar (ting med særskilte laster). I fellesareal skal det vere mogleg å hengja opp tavler og skjermer. Det skal også varetas naudsynt forsterkning av vegg over aktuelle dører slik at dørautomatikk og dørlukkar kan monterast.
- Gipsvegger i teknisk rom, lager og bak kjøkken, samt andre rom som skal ha ulike element montert på vegg, skal i tillegg ha kryssfiner eller ru-panel bak.
- Det skal etablerast veggbeskyttelse på utsatte veggar som i korridor etc. Dette kan vera ei langsgående handløpar i tre, ca. 150mm høg. Løysing skal godkjennast av byggherre.

Overflater på innervegger:

- Tørre veggar skal hovudsakleg bestå av fibergips, som skal sparklast og malast.
- Veggoverflater i garderobe, wc og dusjrom skal utførast med vannbestandige baderomsplater av type Fibo eller tilsvarende.
- Alle spikarhol på listverk skal sparklast og overflatemalast etter montering.
- Veggar i våtrom og bak sanitære installasjonar (vaskar, kjøkkeninnreiing mm.) skal utførast iht, Byggebransjens våtromsnorm (BVN).
- Fargar på ferdig overflate i våte og tørre rom skal vera iht. farge – og materialplan.
- Alle veggar skal overflatebehandlast uansett om det er synleg eller ikkje. Dette gjeld også inne i fordelingsskåp, sjakter, over himling o.l.

2.4.1 Bærende innervegger

- Totalentreprenøren skal ta med alle kostnader som er nødvendig for ein komplett leveranse i samsvar med denne beskrivelsen og tilhøyrande teikningar. Leveransen skal også omfatta alt som etter fagleg sedvane inngår i arbeidet sjølv om noko av dette ikkje er uttrykkeleg nemnt i prosjektdokumenta. Tilrådingar, rettleiingar og utføringsdetaljar som angitt i NBI-blada skal nyttast der kor desse er relevante. For arbeider der materialleverandøren utarbeider spesielle retningslinjer skal desse følgast. Generelt gjeld at arbeida skal vere av handverksmessig god utføring.
- Bærende innervegger bør unngåast i størst mogleg grad for å oppnå ein best mogleg fleksibel planløysing. Dersom bærende innervegger vert nytta, skal desse normalt utførast i betong.
- Totalentreprenøren har ansvar for dimensjonering og utarbeiding av statiske berekningar og konstruksjonsteikningar.

2.4.2 Generelt innerveggar

- Veggkonstruksjonar skal oppfylle krav i byggeforskriftene i TEK 17.
- Overflater må tåla påkjenningar. Alle utvendige hjørne skal ha påmontert beskyttelsesbeslag av vinkel i børsta stål ev. rustfritt stål frå golv til høgde 1,5 m. Det skal monterast dørstoppar av god kvalitet på vegg der det er behov for det.
- Beskyttelse på vegg i korridor, kan også fungere som håndløper i korridor.
- Innerveggar inkl. dører skal vera utført iht. brann-, lyd- og sikkerheitskrav som gjeld for den respektive konstruksjonen.
- Alle ikkje-berande innerveggar skal i hovudsak oppførast i isolert bindingsverk.
- Ved vegggar med lydkrav og brannkrav må det passast på at installasjonar som skal monterast i vegggen ikkje svekkar vegggen sine lydisolerande evne eller brannklassifisering.
- Alle faste skiljeveggar skal førast helt opp til uk dekke eller tak.
- Bak gipsplate skal det monterast eitt lag kryssfinerplate eller liknande, dersom dette er godkjent iht. brannkrav. Vegggar kor det skal monterast utstyr, skal ha kryssfinerplater bak gipsplater slik at skap/utstyr fritt kan forandrast og opprettheld brannkrava.
- Overflatebehandling skal vera utført slik at vegggar toler reingjering og lett kan reingjerast.
- Gipsvegggar skal ha strukturlaus glasfiberduk som skal sparklast og målast.
- Måla flater skal ha glansgrad min. 20.
- Dusjrom og toalett skal ha baderomsplater/ våtromsplater til over himling. Kjøken skal i tillegg ha kitchenboard over benkar. Vegggar i våtrom og bak sanitærinstallasjonar (vaskar, kjøkeninnreiing mm) skal utførast iht. Byggebransjens Våtromsnorm (BVN).

2.4.3 Innvendige dører

Sjå dørskjema, utarbeidd som ein del av teikningsgrunnlaget. Dører har krav om universell utforming. Dører skal minimum ha fribreidde, ved 90 graders opning, på minimum 0,86 m.

Bebuarrom:

- Alle dører skal vera terskelfrie, men tilfredsstille alle gjeldande lydkrav. Dette kan til dømes løysast med heve- senke terskel.

Fellesarealer og personalareal:

- Alle dører skal vera terskelfrie, med unntak av dører til kontor og arbeidsrom, samt toalett som ikkje er universelt utforma, som kan ha en avfasa terskel på inntil 15 mm.
- Hovudsakleg er det ønskeleg å unngå tersklar der det er mogleg, og som hovudregel nytte HC-terskel som hev/ senk.
- lyd- og brannkrav kan medføre tersklar der det er nødvendig.

Alle innerdører skal monterast iht. anvisningar frå produsent. Alle bygningsdelar og bygningskomponentar med brann- eller lydkrav skal vera skilta med NS-skilt som dokumenterer dei respektive krava, eller vera skilta frå likeverdig kontrollinstans.

Fargar på innvendige dører skal vera førelagt og godkjent av byggherre/arkitekt før produksjon. Lister (gerikter) skal ha same farge som tilhøyrande dør. Lister skal gjærast i hjørne.

Generelt:

- Alle nødvendige brann- og lydkrav må ivaretakast.
- Alle dørblad skal vera utført som massivdører og ha overflate av høgtrykksplastlaminat type Formica eller likeverdig, og hardved kantlist. Alle dørvidarar, synlege handtak og beslag skal vera utført i rustfritt stål og vera av god kvalitet
- Fellestolett skal ha lås som viser ledig / opptatt.
- Alle innerdører skal monterast iht. anvisningar frå produsent. Alle bygningsdelar og bygningskomponentar med brann- eller lydkrav skal vera skilta med NS-skilt som dokumenterer dei respektive krav, eller vera skilta frå likeverdig kontrollinstans.
- Dørstoppar skal plasserast slik at dei ikkje kjem i vegen for maskinelt reinhald.
- Dører skal ha hengsle som er mogelege å justera.
- Inspeksjonsluker o.l. skal ha sylindrlås med same vaktmeisternøkkel til alle luker. Myntlåsar o.l. som kan opnast av uvedkomande skal ikkje nyttast.
- Glas skal vera iht. brann- og lydkrav som gjeld for dører i vegg. Minstekrav til glas, kfr. Generelt.

Låsing / beslag:

- Det skal vera dørautomatikk på dører som krev dette med omsyn til funksjonell bruk og universell utforming.

Smyg:

- Dersom karmdybde på dører, vindauger mm ikkje dekker heile veggtykkelsen, skal smyg utførast med utforing og listverk som skal målast på same måte som veggane.

Listverk:

- Lister (gerikter) til tredører skal vera av tre, dim 12x68 mm, industrielt dekkmåla i kvit farge. Lister skal gjærast i hjørne.
- Alle spikerhol skal sparklast og overmålast etter montering.

2.4.4 Lås og beslag

Lås og beslagsliste må utarbeidast av TE i detaljfase. Det skal vera kortlesar til arbeidsrom og iLOQ eller tilsvarende, på innerdører til bodar, tekniske rom, bøttekott, vaktmesterrom og garderobar og tilsvarende areal, rom. Dette gjelder både for nytt og eksisterande bygg.

- Alle dørhandtak skal ha godt grep og vera lette å opne.
- Handtak på skyvedør skal tillate full lysåpning.
- Toalettdører i sengerom skal ha wc-beslag (vrider), med moglegheit til å låse opp frå utsida.

Fellesareal og arbeidsplassar:

- Alle toalett skal ha wc-beslag, som viser ledig / opptatt

2.4.5 Veggabsorbentar på vegg

Veggabsorbentar skal utførast jamfør kapittel om akustikk. I felles opphaldsrom skal det nyttast dekorative lydabsorbentar trukke med tekstil, i flere forskjellige farger og størrelser, ikkje standard kvit utførelse. Avklarast med byggherre før bestilling/ montering, og tilpassast fargebruk ellers i bygget.

2.5 Dekker og himling

2.5.1 Frittbærende dekker

- Dekkekonstruksjonar skal vera tilpassa dei belastningar som vil førekoma ved forutsett bruk av bygningen.
- Dekker mellom etasjer i tilbygget skal utførast som plasstøpt konstruksjon, elementdekke eller tilsvarande.
- Dekke mellom etasjane skal tilfredsstilla forskrifta til brann- og lydkrav. Det vert stilt strenge krav til trinnlyd og flanketransmisjon mellom etasjane.
- Alle ferdige golv skal vera plane, i flukt og tilfredsstilla krava i NS3420 toleranseklasse B (2). Det skal ikkje vera sprang mellom golv frå eitt rom til eit anna, og alle overgangar, tersklar mm. skal vera utforma helst utan terskel, jamfør krav om universell utforming. Det er ønskeleg å mest mogleg unngå tersklar der det vert nytta rullestol, samtidig så det er viktig å ivareta lyd og brannkrav.

2.5.2 Golv på grunn

- Golv i kjellar må tåla transport av pallar med traller eller liknande. Golv skal vera støvbindande og det skal påførast eitt lag med 2-komponent epoxy-belegg.
- Tjukkelse er opp til totalentreprenøren å vurdere med omsyn på vanntettheit og belastningar, men 100 mm er eit minimumskrav ved bruk av betongdekke.

2.5.3 Golv generelt

- Alle betonggolv som skal ha tette, limte banebelegg må få tilstrekkeleg uttørkingstid. Dette er spesielt viktig for påstøyp og ekstra tjukke dekke. Ferdig sparkla golv skal beskyttast mot oppfukting. I god tid før legging av limte belegg (alle aktuelle typer) skal fuktinnhald målast etter RF-metoden, slik som beskrive i NBI-blad 474.533.
- Belegg skal ikkje leggst før målt relativ fuktigheit i betongen si poreluft er 85% eller lågare, mens grenseverdien for dekke med golvvarme vert sett til 60%. Det skal vera vannboren golvvarme i alle golvkonstruksjonar der ikkje anna er sagt.
- Alle ferdige golv skal vera plane, i flukt og tilfredsstilla krava i NS3420 toleranseklasse B. Det skal ikkje vera sprang mellom golv frå eitt rom til eit anna. Tersklar, nivå eller sprang skal ikkje nokon stad i bygningen overstiga 15mm.

Golv og i våtrom

- Golv i våtrom skal vera utforma og utført iht. krav og retningslinjer i Byggebransjens våtromsnorm (BNV). Alle våtrom med sluk i golv vert det forutsett nedsenking med golvvarme og med fallforhold iht. krav i byggeforskrifter og Byggebransjens våtromsnorm.
- I rom med sluk skal overkant sluk vera lågaste punkt i rommet. Ingen oppkant eller forhøgning i forbindelse med sluk skal tillatast. Sluk skal plasserast slik at dei er tilgjengelege for reinsing og inspeksjon.
- Alle materiale som nyttast i våtrom skal vera godkjent av "Fagrådet for våtrom" og vera merka med FFVs logo for godkjende produkt eller kunne dokumenta likeverdig kvalitet.
- I dei romma det skal nyttast vinylbelegg på golv, skal det vera med oppbrett. Type belegg skal veljast ut av byggherre. Det skal som hovudregel vera vinylbelegg med oppbrett på alle rom, for å tilrettelegge for reingjering best mogleg.
- Golvlister skal ikkje nyttast i våtrom med oppbrett og sluk.
- Sveist vinyl skal brettast 10 cm opp på vegg og avdekkast av veggmateriale.
- Det kan installerast elektronisk vannstopp i mindre WC/ toalettrom og kjøken i staden for sluk.

Golv i ventilasjonsrom og tekniske rom

- Golv i ventilasjonsrom/ tekniske rom skal ha heilsveisa banebelegg m holkil, sluk og utførast som våtrom. Alternativ kan det nyttast 2 komponent epoxy-belegg dersom dette er meir prisgunstig.

2.5.4 *Golvoverflate*

- Generelt skal golv i utgangspunktet ha banebelegg med sveisa skøyt. Banebelegg skal vera 2 mm homogent vinylbelegg med UV-herda PUR-overflate, vera sveisbart og porefritt, type Tarkett Eminent el. tilsvarande. Det skal nyttast 2mm sviktdempande underlag i tillegg.
- I rom med sluk nyttast våtromsvinyl som vert lagt med min. 10 cm oppkant mot vegg. Ved dører utan tersklar skal belegg leggst før montering av dør og slik at belegg er gjennomgåande. Golvbelegg skal leggst komplett i heile rommet før montering av kjøken- / eller anna skapinnreiing, slik at det er mogleg å flytte skapinnreiing på eit seinare tidspunkt.
- Det skal vera 10 cm oppbrett bak kjøkkeninnredning.
- Alt banebelegg skal vera klassifisert som golvbelegg i klasse G iht. NS 3919. Alle banebelegg skal ha sveisa skøyter med sveistråd i same farge som belegget. Vinylbelegg skal ha PUR overflate og vera klar til bruk.
- Vinylbelegg skal leggst som holkil med minimum 10 cm oppkant mot vegg, dette gjeld for alle belegg med oppbrett. Oppkant skal sikrast med beslag eller list, der det eventuelt ikkje går bak våtromsplater.

2.5.5 Fast himling

- Tak skal vera dimensjonert til å tole belastning for takheis eller travers frå bad, soverom og inn i stova.
- Det må sørgast for naudsynt tilkomst over himling for inspeksjon og vedlikehald, samt naudsynt tilkomst til tekniske komponentar.
- Himlingar i teknisk rom, skal utformast i slette gipsoverflater, sparkla og måla. (ikkje nedsenka). Alternativ støvbinda betongdekke og synlege tekniske installasjonar.
- Toalettrom kan ha fast gipsplatehimling, sparkla og måla, tilpassa våtrom.

2.5.6 Systemhimling

Opphaldsrom, gang og kjøkken i fellesareal skal ha akustisk himling av type systemhimling. Det må sørgast for naudsynt tilkomst over himling for inspeksjon og vedlikehald, samt naudsynt tilkomst til tekniske komponentar.

- Korridorar, kontor, møterom og tilsvarande, skal ha akustisk himling av type systemhimling.
- Møte- /pauserom skal ha akustisk himling 600 x 600, systemhimling.
- Omkleddingsrom/ garderobar, dusj i garderobar, skal ha fast gipshimling eller systemhimling tilpassa våtrom.
- Bebuarrom skal ha systemhimling.
- Det skal monterast nedfora himlingar av type systemhimling under ventilasjonskanalar og framføringar av installasjonar. Nedfora himlingar skal vera tette. dvs. slutte tett til veggjar og tilstøytane konstruksjonar.
- Himlingar skal kunne reingjerast på ein enkel og praktisk måte.
- Ved bruk av demonterbare mineralullhimlingar eller absorbentar, skal all mineralull vera forseгла og med A kant.
- Himlingar i våtrom og kjøken skal tåla inntil 90 % relativt fuktigheit og vera mogleg å reingjera.
- Det må sørgast for nødvendig tilkomst over himling for inspeksjon og vedlikehald, samt nødvendig tilkomst til tekniske komponentar.

2.5.7 Utvendige himlingar

- Himling under felles terrasse og ved inngangsparti skal kleast med trepanel av type lektekledning. Dette kan vera av type royalimpregnert, natur. Det skal brukast type rettkant kledning/ lektekledning.

2.6 Yttertak

2.6.1 Eksisterende bygg:

Tak som skal rehabiliterast (blå sone):


Ca. 60 % av yttertaket på eksisterende bygg skal rehabiliterast på lik linje som vart utført på legesenteret i 2022, dvs. at takstolane skal bevarast, med ny isolasjon, golvbane, og ny oppbygging av ytterdelen av taket, inkl. takstein.

Denne delen av taket skal prisast og tilbys som *opsjon*, sjå tilbodsskjema.

Tak som skal byggast nytt (Raud sone):

Den andre delen av taket (ca.40%) skal i tillegg ha nye takstolar som skal hevast i forhold til eksisterande tak. I tillegg til heving av taket, skal også layout på taket endrast noko. Eksisterande glastak skal bort og erstattast med tradisjonelt tak.

Den delen som får nytt tak er over skjerma avdeling, for å få betre takhøgde og for å kunne ha takheis på sengerom.



Figur: Ca. soner for eksisterande tak

2.6.2 Tilbygg (nytt bygg):

Yttertak på tilbygget skal byggjast opp som kompakt sedumtak med gesims/parapet rundt bygget. Sedumtak: kan byggast opp etter byggforsk 544.823 Sedumtak. Sjå også RIByf-01 Premissdokument bygningsfysikk.

Generelt:

- Yttertak skal monterast på berekonstruksjonar og dimensjonerast som stiv skive som inngår i byggets totale stabiliseringssystem. Dette omfattar nødvendig forankring, randbjelkar, innfestingar og overføring av krefter til øvrige avstivande konstruksjonselement.
- Tak skal prosjekterast og utførast slik at avrenning og drenering skjer på ein kontrollert måte. Det skal etablerast nedløp i samsvar med gjeldande forskrifter og relevante byggdetaljar.
- Taket skal utformast med tilfredsstillande tilkomst for inspeksjon, drift og vedlikehald. Naudsynte gangbanar, stigtrinn eller rekkverk skal etablerast der dette er påkravd.
- Eventuell papp- eller folietekking skal utførast som mekanisk festa, sjølv tettande system, i samsvar med produsentens anvisningar. Isolasjon i takkonstruksjon skal vere ubrennbar og tilpassast byggets branntekniske krav.
- Isolasjon skal vera brannklassifisert og ha ein trykkfastheit slik at det eventuelt kan monterast solcelleanlegg på taket ved eit seinare høve. Dvs at heile tak-konstruksjonen skal vera klargjort for solcelle.
- Det skal monterast eit gesimsbeslag i titansink rundt heile gesimsen.
- Tak over mellombygget kan ligge på eit lågare nivå enn hovudtak, og det må påreknast ein del ekstra arbeid med påkobling til eksisterande bygning/ tak.
- Snø- og vindlastar på tak skal bereknast i samsvar med gjeldande standardar. Naudsynt snøfangerar og sikringstiltak skal etablerast, og innfestingar skal dimensjonerast for dei aktuelle lastene.
- Det må etablerast tilfredsstillande tilkomst og tilgjenge på tak for inspeksjon og vedlikehald. Dette skal skje ved at det eine trapperommet går opp på tak.

2.6.1 Primærkonstruksjon

- Takstol på eksisterande tak er av type W-takstol og taket er av valm-konstruksjon. Eksisterande takstolar skal brukast vidare på deler av eksisterande tak, medan nye skal etablerast.
- Nye takstolar må vera sjølvberande i heile bredden, og må i tillegg dimensjonerast for sengeheis i skjerma avdeling.
- Det skal etablerast gangbane på takstol for tilkomst tekniske føringar/ ventilasjon.
- Primærkonstruksjon på nytt bygg blir av betongelement eller tilsvarande.

2.6.2 Taktekking

- Eksisterande bygg skal ha takstein av tilsvarande kvalitet og type som vart montert på legesenteret i 2022.
- Tekking på nytt bygg med flatt tak skal hovudsakleg vera av sedum, alternativ belegg der det ikkje er aktuelt med sedumdekke.

Der det ikkje skal vera sedum, skal tekkinga vera to lag polyesterarmert asfalt takbelegg som festast mekanisk og sveisast til eitt lag.

2.6.3 Gesimser/ takrenner/ nedløp

Eksisterende bygg:

- Det skal etablerast nye takrenner og nedløp på heile eksisterande bygg (ikkje legesenter), med tilsvarande plassering som i dag.
- Det skal etablerast nye gesimskasser med forkantbord, overgangsbeslag etc. for ein komplett oppbygging av taket. Mest mogleg lik utforming som for legesenteret.
- Alle nedløp skal kople seg på overvannsanlegg via sandfang.

Nytt tilbygg:

- Nedløp skal vera innvendig frå flatt tak/ kompakt-tak. Alle flate tak over terreng skal ha sluk med innvendige, frostfrie nedløp.
- Det bør monterast minst to sluk på alle takflater over terreng, slik at vatn kan renna til nærliggande sone med sluk dersom eitt sluk går tett. Det skal også monterast overløp i tilfelle alle sluk går tett. Overløp må plasserast lågare enn det lågaste område utan membran, slik at eventuelt regnvatn vil renna ut av overløpet før det renn over membranens oppbrett. Plassering av sluk skal gjerast av entreprenørens RIV.
- I Byggforsk detaljblad 525.207 Kompakte tak er det gitt preakseptert fall min. 1:40 på ferdig tak og min. 1:60 i renner og kilrenner. Me anbefalar at det i størst mogleg grad etablerast fall 1:40 mot sluk utan bruk av renner. I overgang mot vegg bør taktekking/membran trekkast min. 300 mm over ferdig takflate. Over parapet skal taktekking/membran førast heilt over, på underlag av «vannfast» kryssfinér. Det er viktig å vera tidleg ute med å prosjektera oppstikkande bygningsmessige element som kan blokkera fall mot sluk. Dette gjeld ofte tekniske rom, teknisk utstyr mm. Me anbefalar at det er minimum 300 mm avstand mellom parapet/teknisk rom og taksluk.
- Det skal monterast eit gesimsbeslag rundt heile gesimsen/ parapeten.
- Nedløp skal vera runde og utstyrte med renserist av type Løvsil eller tilsvarande funksjon. Ved overgang til drensssystem ved bakken skal det monterast rist og inspeksjonsluke for enkel tilkomst til reinsing og vedlikehald. Rist skal hindre blokkering av drenssystemet.
- Tilkopling til overvassleidning skal utførast under bakkenivå.
- Alle renner og nedløp skal utførast i aluminium, med korrosjonsbestandig overflate og dokumentert bestandigheit mot lokale klimatiske påverknadar.
- Alle membranane i prosjektet bør testast med ståande vanntrykk over minst 24 timer. Testane bør dokumenterast og vedleggast FDV-dokumentasjon.

2.6.4 Telt og midlertidig tetting

Bygget, både eksisterande bygg og nytt bygg, skal byggast utan bruk av telt. For å bøte på utfordringa med uforutsigbart klima, skal det monterast ei byggetidstekking av asfalt takbelegg. Belegget skal under byggetida førast ut, ned og vekk frå fasaden, inntil gesims byggast opp. Etter ferdigstilling av gesims skal asfalttakbelegget førast opp og over gesims på lik linje som toptekkinga.

2.6.5 Påbygg på tak for trappehus og tekniske installasjonar

- Tekniske installasjonar, påbygg og trappehus utgjør potensielt mange ekstra kuldebruer og i seg sjølv ekstra varmetap, samt fare for lekkasje. Det er essensielt med gjennomtenkte detaljar for dei nevnte elementa.
- Videre betingar blant anna tekniske rom på tak ekstra sluk, som må prosjekterast på lik linje med øvrige sluk.
- Det er prosjektert heis i tilbygget. Denne bør om mogleg ikkje perforera takflata. Ved å halde heisen innanfor oppvarma BRA kan takflata holdast i størst mogleg grad kontinuerleg, som er særst gunstig.
- Tekniske rom og trappehus skal plasserast/ gå opp på tak, og dette medfører ein sårbar overgang mellom yttervegg i romma og yttertaket. Samtidig skal rom oppførast med ytterdører ut på tak. Dette må detaljprosjekterast iht. byggforskrift sine anbefalingar, og må ha ekstra merksemd i prosjekteringsfasen.

2.7 Fast inventar

Alt av fast inventar skal leverast med god kvalitet, og vera tilpassa bruken i de romma dei skal nyttast. Fast inventar skal leverast enten i hardtre eller i høgtrykkslaminat. Alt av fast inventar, kjøkken, garderober og anna skal godkjennast av byggherre før bestilling. VVS- installasjonar som WC og vask er omtalt i VVS- kapittel.

Fast inventar skal vareta snu-areal på 1,6 m

2.7.1 Garderobe

- Det skal leverast benkar og skap i garderobe i samsvar med krav. Benkar skal festast på vegg som må forsterkast.
- Tilbydar skal ta med komplett montering og levering av garderober og skap iht planteikning/ møbleringsplan.
- Garderober og benkar av hardtre, malte overflater.

2.7.2 Bøttekott

Gjeld for alle bøttekott iht. teikning:

- 1 stk. høgskap (bøtteskap) 1000x600 med hyller og trådkorger og plass for moppar og langkostar
- Bøttekott skal innreiast komplett med utslagsvask med bøttest.

2.7.3 Skyllerom

Gjeld for alle skyllerom i dei 3 avdelingane:

- Fastmontert lukka skap med to dører for reint utstyr. 2100 høyt og 1000 bredt 600 djup. Stående på rustfrie ben for enkelt renhold i skyllerom.

2.7.4 Medisinrom og Laboratorie

- 2 stk skuffseksjonar 500

- 2 stk benkeskap 500
- Benkeplater 2000
- 4 stk overskap 500 m/2 hyller

2.7.5 Sjukeheimsrom

- Fastmontert kleskap i sjukeheimsrom. 2100 høyt og 1000 bredt, 600 djupt
- Fastmonterte hyller for plassering av bilder og div.
- Enkel hylle under vegghengt TV.
- Speilskap med 2 dører og integrert belysning på bad

2.7.6 Kjøkeninnreiing

Det skal leverast postkjøkken til 3 sjukeheimsavdelingar, 2 i tilbygget og ein til skjerma avdeling i eksisterande bygg. Hovudkjøkken på sjukeheimen er ikkje ein del av prosjektet, og skal bestå som i dag.

- Tilbydar skal ta med komplett montering av kjøkken (ikkje flatpakka).
- Komplett kjøkeninnreiing med benkeskap og overskap, skuffeseksjonar, skap med plass for avfallssortering, arbeidsbenk. Oppvaskbenk med utslagsvask med dusjarmatur, inkl. oppvaskmaskin, komfyr/ platetopp med vifte og kjøleskap.
- Felleskjøkken skal ha dobbelutslagsvask.
- Det skal vere sprutsikker plate (kitchenboard) eller overflate bak vask og platetopp.
- Kjøkkenventilator skal koblast på eigen avtrekkskanal, sjå VVS skap [3.1.5 Utstyr for luftbehandling](#).
- Alle kvitevarer skal vera integrerte i kjøkkenet. Platetopp skal vera av type induksjon.
- Skapdører og benkeplater i høgtrykksplastlaminat.
- Farge på frontar, foringar og andre synlege overflater skal vere iht. material og fargeplan.
- Det skal etablerast avtrekk frå ventilator til yttervegg, ikkje koblast på ventilasjonsanlegg.

Postkjøkken i fellesrom sjukeheimsavdeling og skjerma avdeling:

3 stk kjøkken som skal minimum innehalde:

- 1 stk skuffeseksjon 800
- 1 stk benkeskap 8-1200 for oppvaskkum
- 1 stk hjørneseksjon 900x900
- 1 stk benkeskap 600
- 1 stk skuffeseksjon 600
- Benkplate 4400
- 1 stk rustfri dobbeltkum nedsenket, underlimt.
- 2 stk overskap 600 m/2 hyller

- 1 stk overskap 800 m/2 hyller
- 1 stk høyskap 600 for komfyr og mikro, med 2 skuffer nederst og skap øvst.
- Plaketopp av type induksjon
- Integrert oppvaskmaskin
- Integrert kjøleskap

2.7.7 Korridorar – alle etasjar

- Integrerte benker i forbindelse med sjakter i korridor. Det skal etablerast benker for kvile og avlasting. Solid veggmontert utførelse, som samstundes skal vera ergonomiske og ha ein visuell karakter i rommet/ korridoren.

2.7.8 Innredning og garnityr for våtrom

Felles:

- Farge på frontar, foringar og andre synlege overflater skal vere iht. farge- og materialplan.
- Alt utstyr skal godkjennast av byggherre/arkitekt før bestilling.
- Det skal vere spikerslag i vegg for solid oppheng av skap, støttehandtak ol.
- Det skal leverast komplette baderomsmøblar, inkludert:
 - Vegghengt toalett
 - Toalett garniatyr tilpassa UU
 - Servant med blandebatteri
 - Spegle over servant

Personal- og besøkstolett:

- Papirdispenser
- Spann til brukt papir
- Automatisk såpedispenser

HCWC og brukarbad:

- Bad og toalettrom skal vere tilrettelagt personar med nedsett funksjonsevne. For eksempel. Bano-bad eller tilsvarande.
- Baderom må tilretteleggast slik at ein kan enkelt kan legge til, skifte ut eller justere høgde og avstand etter brukarbehov og framtidige behov. (på for eksempel servant og støttehandtak)
- Baderom må tilfredsstille husbanken sine krav.

- Arm-støtte til toalett
- Støttehandtak
- Entreprenør skal i tilbod oppgje pris for komplett leveransar som beskrive under. Endeleg løysning skal planleggast av leverandør i samråd med byggherre og teikningar skal godkjennast før produksjon.

2.8 Trapper, balkonger m.m.

2.8.1 Innvendige trapper og rekkverk

Trappene skal vera dimensjonert iht. brann- og rømningskrav. Trappene skal ikkje ha framstikkande trappenaser. Trinna skal vera tette. Forkant av trinn og repos skal ha tydeleg merking (farefelt), taktilt og visuelt, for eksempel ved avvikande farge og materialer, for å sikre god synlegheit og trygg ferdsel.

- Trappesjakt skal utførast som frittståande konstruksjon, forbundet med hovudbygget via svalgangar i samsvar med teikningar og prosjekteringsgrunnlag. Konstruksjonen skal utformast som utvendig, open sjakt med naudsynte sikkerheits- og avstivingsløyser.
- Materialval og beresystem skal fastsetjast ut frå tekniske, økonomiske og miljømessige vurderingar. Det skal nyttast konstruksjonsmodular og løysingar som er teknisk og økonomisk rasjonelle, og som legg til rette for effektiv montasje og framtidig vedlikehald.
- Rekkverk skal monterast slik at det ikkje hindrar reingjering av trinna.
- Rekkverk til trapp inkl. innfestningar skal utførast i pulverlakkert stål, svart.
- Rekkverk skal utførast i pulverlakkert stål, med naudsynte dimensjonar og festeanordningar for sikker bruk.
- Håndløparar, inklusiv innfestingar, skal utførast i pulverlakkert stål, og dimensjonerast for trygg bruk i samsvar med forskriftskrav og ergonomiske prinsipp.
- Det skal etablerast sittemoglegheit i reposet, dersom det ikkje er til hinder for rømningsveg, for å gje bebuarane moglegheit til kvile undervegs i trappetrening.
- Farge og material må ha kontrastar med tanke på universell utforming, og skal vere med i farge- og materialplanen. Det skal godkjennast av byggherre før bestilling.

2.8.2 Utvendige trapper og rekkverk

- Utvendige trapper skal utførast i plasstøypet betong eller prefabrikerte betongelement.
- Alle utvendige rekkverk skal utførast av galvanisert stål. H=1100 mm
- Rekkverk skal ha innfelt beslysning i handløper
- Det skal etablerast stige i mellombygget, frå tak og ned, som rømning frå teknisk rom på tak. Stigen må sikrast slik at ikkje uvedkommande får tilgang til tak, og at brann og rømningskrav vert varetatt. Til dømes ein utfellbar stige, med opning i topp, jamfør brannkonsept.

2.8.3 Terrasser

Det skal etablerast felles terrasse ved begge avdelingar i tilbygget, samt over hovudinngang i mellombygget. Generelt gjeld:

- Terrasser skal byggast opp slik at det er sikring mot fuktinntrenging, og må konstruerast slik at kuldebru, tetting og isolering vert ivareteke.
- Rekkverk på balkongane skal byggast opp 2-delt, der den nederste delen er tett. Øverste del av rekkverk skal vera glass med minst mogleg avgrensing og stolper. Glass tett i tett, og med størst mogleg glassflater.
- Handløper skal vera pulverlakkert stål i valfri RAL-farge.
- Gulv på balkong skal vera av type fliser/ skiferfliser.

2.9 Andre bygningsmessige delar

2.9.1 Heissjakt

- Heissjakt skal etablerast sentralt i bygget i samsvar med teikningar og prosjekteringsgrunnlag. Konstruksjonen skal utførast med tilstrekkeleg stivheit og kan nyttast som del av byggets stabiliserande system for å oppnå naudsynt global stabilitet.
- Heissjakt skal prosjekterast og utførast i samsvar med gjeldande forskrifter, standardar og krav til universell utforming. Utforming, dimensjonar og tilkomst skal sikre trygg og barrierefri bruk for alle brukargrupper i tråd med byggteknisk forskrift (TEK17).

2.9.2 Hol, tettingar

- Hol og tetting av hol rundt gjennomføringar, inkl. branntetting, akustikketting i vegg og dekker etc. skal prosjekterast og utførast forskriftsmessig.

2.9.3 Sjakter

- Alle tekniske sjakter skal branntettast dersom dei går gjennom fleire brannceller, til dømes gjennom dekker etc.
- Sjakter skal lydisolerast og for å unngå unødige støy frå til dømes avløpsrør og ventilasjon.
- Sjakter skal ha tilstrekkeleg med inspeksjonsluker for å kunne vedlikeholde og inspisere alle deler av det tekniske anlegget.
- Sjakter skal i utgangspunktet også kleast på innsida der det er mogleg

2.9.4 Sjakt for skittentøy

I nytt bygg skal det etablerast ei sjakt for skittentøy frå 1. og 2. etasje ned til skittentøyrom i kjeller-etasje. Sjakta skal ha luke frå korridor og frå skyllerom i begge avdelingar. Sjaktsystemet må prosjekterast med omsyn til brann og brannceller, samt vera frå ein anerkjent systemleverandør med referanse frå tilsvarende prosjekt. Løysing skal godkjennast av byggeherre og tilbys som opsjon.

3 VVS- installasjoner

3.0 Generelt

For mer generell orientering og informasjon om prosjektet vises det til konkurransegrunnlaget del 1.

I forbindelse med oppgradering av og etablering av nytt tilbygg skal deler av eksisterende VVS-systemer rehabiliteres, samtidig som det skal etableres nye anlegg i tilbygget. Omfanget av oppgraderingen av eksisterende bygg er beskrevet nederst i dette kapittel.

Følgende anlegg omfattes av VVS-beskrivelsen:

- Generelle ytelser
- Sanitær
- Varme
- Sprinkler
- Luftbehandling
- Komfortkjøling
- Automatisering VVS-anlegg

Hovedomfang nytt tilbygg

Det vises til etterfølgende funksjonsbeskrivelse for de enkelte VVS-tekniske fagene, samt til arkitektunderlaget.

Entreprenørenes leveranseomfang skal omfatte komplett prosjektering innen de VVS-tekniske fagområdene.

Krav i plan- og bygningslovgivningen til energibruk i tilbygg skal oppfylles, og det skal gjennomføres samordnet prosjektering for å sikre dette. Det skal utføres energimerking av bygget og energivurdering av tekniske anlegg. Krav til energibruk skal dokumenteres ved bruk av Simien eller tilsvarende programvare.

VVS-anleggene skal oppfylle alle krav og forutsetninger som er angitt for entreprisen, herunder krav til generelle og spesielle ytelser.

For sanitær skal etableres et nytt vanninnlegg, spillvannsrør og takvannsrør. Det skal medtas 2 stk vannutkastere, tiltenkt plassering er utenfor Plan U1 -Avfallskontor og Plan 1 – Hovedinngang Sjukeheim.

Bygget skal sprinkler beskyttes i henhold til brannteknisk rapport. Ny sprinklersentral etableres i Plan U1. I tillegg til sprinklerinnlegg og nødvendige ventiler skal sentralen inneholde vanninnlegg med vannmåler. Vanninnlegget skal utformes i henhold til NS-EN 1717.

Det skal etableres en energisentral for produksjon av varme til bygget. Til oppvarming og forvarming av tappevann skal det leveres en luft-til-vann-varmepumpe. Det nye varmesystemet skal også betjene oppvarming av de ombygde arealene i eksisterende bygg.

Det er tiltenkt å benytte gulvvarme i alle arealer i tilbygget.

Energisentralen og distribusjonssystemet har følgende dimensjonerende verdier ved dimensjonerende utetemperatur:

System	Temperatur
+NN=3200.001 Varmepumpeanlegg	+ 55 °C
+NN=3500.002 Tur/retur forvarming tappevann	55/ 35 °C
+NN=3500.003 Varme ventilasjon	45/ 35 °C
+NN=3500.004 Tur/retur radiatoranlegg	5-35°C
+NN=3500.005 Tur/retur gulvvarme	35/30 °C

Tabell 1, viser tiltenkte temperaturer for energisentral

Foreløpige effekter:

System	Betjeningsområde	Aktuell plassering	Foreløpig beregnet effekt
+NN=3200.001	Tilbygg, mellombygg og rehabilitert areal i eksisterende	på tak. Utstyr plan 3	80 kW
+NN=3500.001	Kjølerom (kjølt avfall), bårerom og kjølerom	Varmepumpe på tak. Utstyr plan 3	7 kW

Tabell 2, viser tiltenkt oppdeling av varme og kjølesystem

Luftbehandlingsanlegg for bygget skal plasseres i teknisk rom som vist på arkitektens tegninger. Forslag til systeminndeling er vist i tabell under.

System	Betjeningsområde	Aktuell plassering	Foreløpig beregnet luftmengde
+NN=3600.001	Tilbygg	Tilbygg, plan 3 – Teknisk rom	14 000 m³/t
+NN=3600.002	Mellombygg	Mellombygg, plan 2 – Teknisk rom	800 m³/t
+NN=3600.003	Skjerma avdeling	Eksisterende bygg, plan 2 – Teknisk rom	3 600 m³/t

Tabell 3, Forslag til systemoppdeling Ventilasjon

Det skal etableres radonavsug. Radonvifte og rørføringer ut til det fri skal medtas. I løpet av prøvedriftsfasen skal det tas radonmålinger for å optimalisere radondriften.

Eksisterende bygg.

Eksisterende fettutskiller, bunnledninger, vanninntak, sprinklersentral og ventilasjonsaggregat skal benyttes videre. I all hovedsak skal eksisterende VVS-anlegg tilpasses ny rominndeling.

Riving av eksisterende kjøleanlegg

For eksisterende bårerom skal det demonterast eit kjøleanlegg. Kuldemedium skal tappast ned av fagkompetent kuldemonterør, deklarerast og returnerast ti returgassordning. Dokumentasjon for returnert skal skal leverast byggherre. Kuldemedium er byggherre sin eigedom , og verdien av returnert gass skal godtgjerast byggherre.

Sanitær

Entreprenør skal levere og montere nytt utstyr som vist på arkitekttegning. Eksisterende varmt- og kaldtvannsrør til ombygd del skal rives/frakobles det eksisterende anlegget. Det skal etableres ny drikkevannsdistribusjon. Nye rør skal legges fra teknisk rom frem til fordelerskap. Tiltent plassering av fordelerskap er:

- Plan 1: HCWC
- Plan 2: Skyllerom og HCWC. Skap plassert i HCWC er tiltent å betjene HT-grovgard.

Spillvannsrør og overvannsrør må flyttes for å passe ny rominndeling. Nye spillvannsrør tilkobles eksisterende anlegg. Entreprenør må gå opp rørtrasé.

Fettutskiller:

Eventuelle omlegging av eksisterende rørføringer skal medtas av VVS-entreprenør.

Eksisterende fettutskiller er i usikker tilstand, og byggherre ønsker at TE tilbyr ny fettutskiller som opsjon. Opsjonen må inkludere dimensjonering av ny utskiller, og komplett fjerning og etablering av ny utskiller.

Varme:

I de ombygde arealene skal det monteres nytt varmeanlegg, med vassboren gulvvarme. Anlegget skal tilkobles den nye varmesentralen i tilbygget. Det er planlagt en felles rørføring fra varmesentralen til teknisk rom U1 i eksisterende bygg, der hvor akkumulatortankene står i dag. Fra teknisk rom skal det etableres nye varmekurser for henholdsvis gulvvarme og radiatoranlegg. Hovedtrasé for rørføringen skal avklares og prosjekteres av entreprenøren.

Baderommene kan prisast som plassbygde bad med vassboren gulvvarme, eller som modulbad dersom eksisterende bygg er egna for dette mtp. takhøgd, etasjehøgd, gjennomføringer etc. Det er totalentreprenøren sitt ansvar å dokumentere om den tilbudte løysinga er gjennomførbar.

Sprinkleranlegg og brannslukking

Eksisterende sprinklersentral beholdes. Sprinkleranlegg tilpasses arkitekttegninger. Inngang/mellombygg skal sprinkles fra eksisterende anlegg.

Det skal etableres nye brannslanger i henhold til ny planløsning. Brannslangen kan være 30 meter ved fullt uttrekk, men for beregning av rekkevidde brukes 25 meter. Dette er for å ta høyde for eventuelle endringer i romløsninger. Brannutstyr skal monteres innfelt i vegg og tilpasses vegg- konstruksjonen. Skap merkes med plogskilt.

Ventilasjon.

Omsøkt tiltak plan 1 for eksisterende skal det leveres og monteres et nytt ventilasjonssystem. Luftbehandlingsanlegg for denne delen skal plasseres i teknisk rom i u.etg.

Eksisterende ventilasjonsanlegg, ventilasjonsaggregat 01, skal nyttast vidare og forsyne underetasje i eksisterende bygg. Det gjelder både ventilasjonsaggregat, kanalnett i teknisk rom og i sjakter. Eksisterende avtrekkskanaler i sjakt skal rengjøres. Ventilasjonsaggregat skal reguleres ned, for å tilpasses ny planløsning.

Kanaler i ombygde arealer skal demonteres og fraktes til deponi. Åpne kanaler skal blindes med Spiro-endelokk for å forhindre støvdannelse i kanalene.

Nye kanaler skal tilpasses arkitekttegning. Tillufts- og avtrekksventiler må tilpasses arkitekttegninger.

Funksjonsbeskrivelse

Bråvolltunet – Ny sjukeheim Kinsarvik

Oppdragsnr.: 52501940 Dokumentnr.: 020 Revisjon: F01

Rom med varierende bruksmønster skal utstyres med VAV Hvert Beboerrom, fellesareal (både beboer og arbeids), kontor og arbeidsstasjoner skal ventileres med balansert ventilasjon.

Kun Lager, toalett, BK osv. kan ventileres med overstrømning fra tilstøtende rom.

Dimensjonerende utetemperatur

Utendørs parametre	Temperatur	Referanse
DUT _{sommer}	27,9 °C	NMBU – Klimadata for bygninger
DUT _{vinter}	- 10,6 °C	NMBU – Klimadata for bygninger

Tabell 4, benyttet risikokategori for dimensjonerende utetemperatur er høy.

Klimatabell

ROMTYPE	OPERATIV TEMPERATUR				LUFT-HASTIGHET		FRISKLUFT				LYD-TRYKK	ANMERKNING
	SOMMER		VINTER									
	min	maks	min	maks	maks	maks	min	min	min	maks	maks	
	°C	°C	°C	°C	v/20 °C [m/s]	v/26 °C [m/s]	[m³/(h* m²)]	[m³/(h* pers el utstyr)]	v/stengt ⁸⁾ [m³/(h*m²)]	CO ₂	L _{Max} / L _{eq} dB(A)	
Sykehjem sengerom	22	20	22	22	0,15	0,2		120			30 / 28	
Kontor	20	25	20	24	0,15	0,2	12	25	0,7	800	35 / 33	
Kontor- landskap ²⁾	20	26	20	24	0,15	0,2	20	40	0,7	1000	35 / 33	
Møterom	20	25	20	25	0,15	0,2	20	40	0,7	1000	35 / 33	
Grupperom	20	25	20	25	0,15	0,2	15	30	0,7	1000	30 / 33	
Matrom /Felles stove ⁷⁾	20	25	20	25	0,15	0,2	15	30	0,7	1000	30 / 33	
Korridor	20	25	20	25	24	0,2	0,25	7		0,7		35
Te-kjøkken ⁷⁾	20	26	20	24	0,2	0,2	10		0,7		35	
LAB/Medisin- rom	20	25	20	25	0,2	0,25	12		0,7		40	
Behandling /Trening	18	24	22	24	0,3	0,3	18		0,7		30 / 28	
Fysio/ Ergo	18	24	22	24	0,3	0,3	18		0,7		40	

Funksjonsbeskrivelse

Bråvolltunet – Ny sjukeheim Kinsarvik

Oppdragsnr.: 52501940 Dokumentnr.: 020 Revisjon: F01

ROMTYPE	OPERATIV TEMPERATUR				LUFT- HASTIGHET		FRISKLUFT				LYD- TRYKK	ANMERKNING
	SOMMER		VINTER									
	min	maks	min	maks	maks	maks	min	min	min	maks	maks	
	°C	°C	°C	°C	v/20 °C [m/s]	v/26 °C [m/s]	[m³/(h* m²)]	[m³/(h* pers el utstyr)]	v/stengt ⁸⁾ [m³/(h*m²)]	CO ₂	L _{Max} / L _{eq} dB(A)	
Behandling /Trening	18	24	22	24	0,3	0,3	18		0,7		40	
Fotpleie	18	24	22	24	0,3	0,3	18		0,7		40	
Frisør	18	24	22	24	0,3	0,3	18		0,7		40	
Arkiv	18	26	20	26	0,25	0,25	5		0,7		40	
Lager	18	26	20	26	0,3		5		0,7		40	
Trapperom	15	26	20	26	0,3							
Kjølerom	3	5	3	5	0,3							
Kjølt avfall	3	5	3	5								
IT-rom	20	26	15	26	0,3	0,3	7		5		40	lydkrav gjelder ikke romkjølere
Kopi/print	16	26	20	26	0,2	0,25	12		0,7		40	
Garderobe	21	26	15	26	0,2	0,2		10			35	
Forrom WC	20	26	20	25	0,2	0,2	15		0,7		40	Gjelder rom for >2 toalett
WC/HCWC ³⁾	20		20	25	0,2	0,25			0,7		40	Luftm. reduseres ved >3 toalett
Ureint skyllerom	18	20	18	26	0,2		-100	0,7			40	
Reint skyllerom	18	20	18	26	0,2		-100	0,7			40	
Dusj ³⁾	20		20	24	0,2	0,25	10	-100	0,7		40	
Bøttekott ³⁾	18	26	18	26	0,2	0,2		-100	0,7		40	
Lager	18	26	18	26			5	0,7			40	
Lintøy lager	18	26	18	26			5	0,7			40	
Heissjakt	10	35	5	35								Naturlig ventilasjon

ROMTYPE	OPERATIV TEMPERATUR				LUFT-HASTIGHET		FRISKLUFT				LYD-TRYKK	ANMERKNING
	SOMMER		VINTER									
	min	maks	min	maks	maks	maks	min	min	min	maks	maks	
	°C	°C	°C	°C	v/20 °C [m/s]	v/26 °C [m/s]	[m³/(h* m²)]	[m³/(h* pers el utstyr)]	v/stengt ⁸⁾ [m³/(h*m²)]	CO ₂	L _{Max} / L _{eq} dB(A)	
Hovedtavle-rom	10	35	10	35			10				40	
I prosjektet skal det installeres et komplett, fulldekkende brannalarmanlegg iht. Brannkonsept.

Tilbygg og ombyggingsareal skal være en fullt integrert del av dagens brannalarmanlegg. Dagens sentral er montert ved inngang i plan 2 og er levert av Autronica.

Det skal monteres betjeningspanel i hovedinngang sjukeheim plan 1 i tilbygg, samt på vaktrom i plan 2 i tilbygg. For eksisterende bygg er det tenkt å beholde dagens betjeningspanel.

Kursopplegg for ABA skal være iht. NS3960 – 2019 og tas med i dette kapittel. Manuelle meldere skal leveres med ekstra lokk får å hindre utilsiktet alarm.

Brannsentralen skal kommunisere med SD-anlegget på bygget. Utløst brannalarm skal også indikeres i SD-bilde og ALT lys tennes til 90%. Ved avstilt alarm, skal lys tilbake til normal styring.

Grensesnitt til øvrige fag og forriglinger til ventilasjon, lysstyring, dører, solskjerming, etc. skal være inkl. i tilbudet.

Anlegget skal bl.a. ha styreutgangar og komplette kursopplegg for:

- Opplåsing av branndører montert i rømningsveier
- Innganger for alarm fra sprinkleranlegg.
- Dørholdemagneter.
- Styring av ventilasjonsanlegg
- Styring av evt. brannspjeld
- Styring av evt. brannport/gardin

Omfang koordinert mellom entreprenører.

Orienteringsplaner medtas og skal vise trafikksoner og detektorar med tydelege adresser. Målestokk 1:250. Selskapet godkjenner planar før dei settast i produksjon, og det skal medtakast kostnader for å endre på planane inntil dei er godkjent. O-planer plasserast i brannvesenets angrepspunkt(-er) nært betjeningspanel(-er) for brannalarm.

TE ivaretar selskapets interesser i samband med etablering av alarmoverføring. Styring av alarmer avtales med selskapet.

Alarmering lokalt skjer med akustisk (klokker/sirener) og optisk varsling (lysblink, i h.t. TEK17). For akustisk varsling nyttast klokker for generell dekning og sirener for supplerande dekning.

NS-EN 54-23 leggst til grunn for dimensjonering av lystekniske krav ved optisk varsling

Alarmorganisering

Alarmorganisering skal følge brannrådgivers krav til rømning av bygget. Forslag til alarmorganisering skal presenteres BH og brannrådgiver, i eget særmøte.

Endelig alarmorganisering skal godkjennes av BH (i samarbeid med RiBr). Kostnader forbundet med dette skal tas med i tilbudet.

Adgangskontroll (AAK) og innbruddsalarm (AIA):

Det skal installeres et komplett integrert system for adgangskontroll og innbrudd for prosjektet. Systemet skal være Web basert og ha grafisk fremstilling med interaktive objekter der plantegninger skal legges til inn som underlag.

Tidsfunksjoner i systemet skal kunne forhåndskonfigureres for 365 dager med mulighet for programmering av ordinær arbeidstid, helligdager, felles feriedager, dager med spesiell åpningstid etc.

Anlegg skal fungere med kommunens eksisterende system/kort typen Schneider Esmi AX.

Sikkerhetsleverandør skal sette seg inn i gjeldende brannkonsept m/tegninger og legge til rette for sikker rømning og tilbake rømning der dette er relevant.

Det er vedlagte skisser som viser forslag til soneinndeling og hvilke dører som skal ha adgangskontroll. Disse er ment til å danne grunnlag for pris. For prising av adgangskontroll skal det takast høyde for inndeling av bygget. Endelig løsning skal gjennomgås, og godkjennes av bruker og byggherre i detaljprosjekteringen.

Rømningsdører og alle dører i ytterskall, skal ha overvåket lukket og låst.

Systemet skal administrere alle kortleserstyrte dører og overvåke alle andre dører i ytterskallet med "Lukket/låst" funksjon. Overvåkede dørers status (lukket, låst, åpen etc.) skal presenteres i skjermbilde. Alle dører med elektrisk avlåsning skal defineres i anlegget og hendelser som f.eks. alarm om dører som ikke lukker og låser seg med mer skal loggføres.

Nødåpnere (KAC) skal ha innebygget summer og lysindikering samt være utstyrt med beskyttelsesdeksel.

Alle fremlegg og komponenter skal være tatt med.

Pasientsignalanlegg:

Det skal medtas kablet opplegg og montering av trekksnorer på sengerom v. seng og på toalett, samt på alle hcwc i tilbygg og ombyggingsareal. På sengerom medtas det og opplegg til rompanel v.dør. Kabling er tenkt fra trekksnorer/rompanel til sentralutstyr på en eller flere steder i tilbygg/ombyggingsareal. Kablingstype er ikke bestemt, men antas å være av type nettverkskabel kat6.

Innkjøp av selve pasientvarslingssystemet blir gjort av byggherre i eget innkjøp, entreprenør må medta montering, kabling, koordinering, planlegging og modellering av leveranse fra byggherre.

5.5 Lyd- og bildesystemer

Ikke en del av leveransen til totalentreprisen

5.6 Automatisering

Automatikk skal tilkobles eksisterende SD-anlegg fra EM-systemer. Det skal medtas nødvendig utvidelse av SD-anlegget. Fra SD-anlegget skal det være muligheter for å styre, regulere og overvåke aktuelle systemer iht. kravspesifikasjonene. Alarmer og signaler som er beskrevet i kravspesifikasjonen skal presenteres i SD-anlegget. (kravspesifikasjon for installasjoner av sentral drifts anlegg – generelt).

Klokkeslett, settpunkter etc. skal kunne enkelt endres fra SD-anlegg. Angitte settpunkt og klokkeslett, avklares endelig i detaljfasen (nattsenking).

Leveransen skal innbefatte et ferdig programmert, installert, testet og idriftsatt anlegg. Entreprenøren er ansvarlig for at det lokale utstyret i de tekniske systemene kan kommunisere med toppsystemet i bygget.

Romstyring skal baserast på knx-bus og komponentar. Det skal legges vekt på enkel betjening og solid utføring av komponenter som benyttes i anlegget.

Anlegget skal ha detaljerte bilder/presentasjon, der man kan sette/endre aktuelle verdier/parameter på komponentnivå.

Entreprenisen skal medta styring og regulering av VVS automatikk. Motorer og aktuatorer med tilhørende overganger skal være inkludert.

Funksjonsansvar ligger i denne entreprise. Kostnader for tilstrekkelig koordinering mellom automatikkleverandør, VVS leverandør/installatør, Kommunes representanter etc. skal være tatt med.

Entreprenør skal opptre proaktivt og utveksle nødvendig info i en tidlig fase slik at det ikke hindrer framdrift og kvalitet. Før programmering av skjermbilder skal det taes en gjennomgang med driftspersonell hvor man går gjennom menyer og oppbygningen av de forskjellige skjermbildene. Før skjermbilder og menyer legges endelig inn i systemet for idriftsettelse, skal det taes en ny gjennomgang med driftsavdelingen som skal godkjenne løsningen.

Entreprenøren skal utarbeide følgende:

- Funksjonsbeskrivelser, skal gjennomgås og godkjennes av BH.
- Grensesnittmatrise, som viser alle signaler og mellom fag/bygningsdeler.
- Tavlearrangement og enlinjeskjemaer for utstyr som skal inn i underfordelinger.
- Beskrivelse av VVS-automatikk inkludert følere/givere.
- Funksjonstabeller og systemskjema
- Entreprenøren beskriver krav til sentralutrustning programvare etc.
- Entreprenøren sørger for at SD-anlegget tilordnes nødvendige IP-adresser etter avtale med IKT-drift.
- Nødvendige Trekkelister.

Alt utstyr skal ha IP klasse tilpasset omgivelsene og være tilkoblet SD-Anlegg komplett med integrasjon og programmering.

Solavskjermingsanlegget skal inngå som en del av romreguleringssystemet.

Det skal gis alarm til SD-anlegget ved feil i styringsenhet for persienner/screen etc.

Det skal leveres egen værstasjon i prosjekt. Denne skal ivareta og overstyre solavskjerming ved vindstyrke, over angitte verdier (fra leverandør av solavskjerming) på angitt fasade

Egne solfølere leveres og monteres på hver fasade. Disse skal aktivere solavskjermingen på den aktuelle fasaden.

Funksjonsbeskrivelse

Bråvolltunet – Ny sjukeheim Kinsarvik

Oppdragsnr.: 52501940 Dokumentnr.: **020** Revisjon: **F01**

Kommunikasjon med solavskjermingssystemet skal integreres opp i toppsystemet (BMS).

Prioritering av styring:

- Sikkerhet, eks. Vindstyrke
- Sol på fasade, energiavhengige tilpasninger.

Alt utstyr til styring prises her, kabling og montering prises i kap 4.3.

6 Andre installasjoner

6.0 Andre installasjoner, generelt

6.2 Person- og varetransport

Heis

Heisen skal som minimum tilfredsstillende følgende krav:

- Betjene 3 etasjer og 4 nivåer/ 4 stopp (sjå plantegninger/modell), 2. etasje er i to ulike nivåer, med 1100 mm høydeforskjell.
- Heistype: elektrisk person-/sengeheis, universelt utforma.
- Innvendig heisstol: minimum 1400 x 2400 mm.
- Dørplassering: på begge kortsider, dvs. 2 dører i heis.
- Fri dørbredde: minimum 1100 mm.
- Dørtype: automatisk, sideopnande skyvedør med sjølvopning/-lukking.

Nyttelast skal dimensjoneres for seng, personer og personell. Det vert tilrådd ein heis i storleik min. 1600–2000 kg, endeleg kapasitet skal dokumenteres av leverandør ut frå valgt heisstørrelse og bruksscenario.

Nominell fart 1,0 m/s.

Heisen skal leverast komplett med styring, dører, sjaktutstyr, alarm, nødsenking/evakuering og alle nødvendige sikkerheitsfunksjonar etter gjeldande regelverk for heis.

Løfteplattform er ikkje akseptert.

Opplæring og vedlikehald

- Opplæring og oppfølging i garantitid for heisar skal vera inkludert iht punkt 1.11 og 1.13 i denne funksjonsbeskrivelsen.

Traversheis for bebuarrom

Det skal leverast traversheisar til alle bebuarrom, både i tilbygg og i skjerma avdeling.

Systemoppbygning og funksjon

- **Skinnesystem:** Komplet, takmontert traverssystem (H-system) som dekkar heile rommets overflate. Systemet skal bestå av to faste sidesskinner og ein rullende tverrtravers.
- **Montering:** Skinnene monterast anten direkte i betongdekke, nedpendla frå himling, eller via sideveggsbraketter. Søyler til golv er ikkje aktuelt. Profilane skal flukte estetisk med øvrige interiør i bebuarrom.
- **Køyre eigenskapar:** Manuell eller elektrisk sidevegs forflytting langs skinnene. Systemet skal ha låg rullemotstand for å sikra minimal belastning på operatøren.

Løftemotor og kapasitet

- **Løftekapasitet:** Standard maksimal brukervekt (SWL) skal vera minimum **200 kg**
- **Drift og lading:** Batteridreven løftemotor (f.eks. LiFePO₄- eller NiMH-batteri). Lading skal skje automatisk gjennom skinna (kontinuerlig lading) eller via en fast ladestasjon i skinneprofilen.
- **Betening:** Ergonomisk, handhelde leidningskontroll (eller trådløs kontroll) med intuitive knappar for heving, senking og eventuell motordreven køyring.

Sikkerhet og hygiene

- **Nødfunksjonar:** Utstyrt med både elektrisk og mekanisk nødsenk, samt elektronisk nødstopp tilgjengeleg direkte på motoren.
- **Smittevern og reingjering:** Løftemodul og profilar skal ha glatte, reingjeringsvennlege overflater som toler hyppig desinfeksjon med spritbaserte vaskemiddel.
- **Mjukstart/stopp:** Motoren skal ha elektronisk styrt akselerasjon for å forhindre rykkete rørsler, noko som gjev auka tryggleik for pasienten.

Belastningstest

- Etter installasjon av systemet skal det utførast belastningstest iht ISO 10535

Opplæring og vedlikehald

- Opplæring og oppfølging i garantitid for takheisar skal vera inkludert iht punkt **1.11** og **1.13** i denne funksjonsbeskrivelsen.

7 Utendørs

7.0 Utendørs, generelt

I samband med nye Bråvolltunet sjukeheim skal det etablerast nytt utomhusanlegg. Kapittel 7 omfattar opparbeiding av areal og flater utomhus innanfor entreprisegrensa som vist på Landskapsplanen, dei delar som i bygningsdelstabellen (NS3451) normalt tilhøyrrer kapittel 7 – utandørs.

Denne beskrivelsen inneheld funksjonskrav til utforming av dei enkelte areala i uteanlegget. Utandørs betongarbeider, og arbeider med utandørs VA og RIE, samt grunnarbeid og arbeid med alle utandørs konstruksjonar er beskreve i eigne kapittel.

Landskapsplan L10-00-01 er grunnlag for utforminga og prising av anlegget.

Alle grøntarealer innanfor området som entreprenøren skal opparbeide, skal tilretteleggast for robotklipping.

Det skal etablerast opplegg for dryppvatningsanlegg ifm. blomsterbed med utekran.

Landskapsplanen

Det skal etablerast ny trafikal sone knytt til tilbygget, med åtkomstveg frå vegen Bråto, til plass for parkering, varelevering og henting av avfall. Frå plassen er det båreinngang. Tilkomst til hovudinngang frå plassen er via fortau og trapp som leier til gangveg forbi eldhuset. Ved etablering av fortau og gangveg med høgder som vist på landskapsplanen vert det lagt til rette for universelt utforma samband frå p-plassen og til hovudinngangen.

Plassen ved hovudinngangen skal opparbeidast som ein frodig uteplass. Her skal det etablerast jamne dekke av storgatestein for tilkomst og sitjeopphald. Det skal plantast variert vegetasjon med blomar og blad som gjev variert fargespel og dufter.

Universell utforming

Utforminga av utomhusanlegget er basert på grunnprinsipp for universell utforming, for å sikra at så mange som mogeleg skal kunna bruka anlegget og delta på ein likeverdig måte. Dette må følgjast opp vidare i detaljprosjektering og gjennomføring av byggearbeida. Norsk Standard 11001-1 og -2 og 11005 vert lagt til grunn for prosjektering og bygging av anlegget, med gjeldande krav til universell utforming i TEK 17.

7.1 Bearbeida terreng

Før gravearbeidet vert igangsatt må entreprenøren kontakte offentlige etatar for å få oversikt over eksisterande leidningar og kabelnett i byggeområdet. Ved gravingen må entreprenøren vise nødvendig forsiktighet med omsyn til tilstøytande eiendommer, veier og trafikk. Alle nødvendige påbudte sikringstiltak må bli gjort, f.eks. sperring, varsling etc.

Offentlege og private vegar og plassar som entreprenøren nyttar i forbindelse med utførelsen av sine arbeider, skal i byggetida vedlikeholdast av entreprenør. Etter at arbeidene i kontrakten er ferdige, skal berørte areal justerast og reparerast for eventuelle skader av entreprenør, eller for entreprenørs regning. Områdets eigare skal skriftleg godkjenne reparasjonane.

Ein del av uteanlegg ved HCP nær hovudinngang skal anleggast oppå tak. Det må tas omsyn til dette ved detaljering slik at jordvolum og avrenningsforhold for utomhusanlegget vert i tråd med gjeldande krav.

7.1.1 Grovplanert terreng

Areal for bygg og nytt uteområde skal ryddast for vegetasjon og vegetasjonsdekke. Massar som er eigna for gjenbruk, td. jord, kan nyttast i prosjektet. Alle vegar og plassar skal byggast opp med bæredyktig telefritt fundament av lausmassar. Køyreareal skal dimensjonert og byggast opp slik at dei toler tiltenkt trafikk (renovasjonsbilar, varelevering mm.). Naudsynt masseflytting og arrondering skal inngå i tilbodet.

Betong- og asfaltdekke, kantar, murar og rekkverk som ikkje er inkludert i Landskapsplanen, skal fjernast og kørast til godkjent deponi.

Entreprenør tar med planering og arrondering av terreng, vegar og plassar. Det skal takast sikte på å bevare mest mogeleg av eksisterande tre. Ved graving i rotsona til tre som skal takast vare på, skal røter ikkje rivast, men kappast eller skjærast av. Røter som vert avdekka skal dekkast av jord eller torv for å hindre uttørking.

Det må reknast med graving av lausmassar i samband med anlegging av dekker, murar og kantar. Det må reknast med mogeleg trong for pigging/rensk av fjell. Evt. grus- og sandmassar kan plasserast i fyllingar for vegar i den utstrekning den er eigna for dette. Eksisterande massar skal i størst mogeleg grad gjenbrukast på tomten. Overflødig masse som ikkje skal nyttast på tomten, ubrukbar stein, røter, torv og buskar skal transporterast bort. Det skal dokumenterast at alle overskuddsmassar vert køyrd til godkjend deponi.

Utarbeida plan må fylgjast ved opparbeiding av tomte, for å sikre akseptable stigningsforhold på gangvegar og grøntareal. Generelt skal skråningar av lausmassar ha ei maks helning 1:3 og tettast med finare massar. Skråningane skal rundast av i topp og botn. Så sant det lar seg gjere bør det vere eit flatare parti i overgangen til eksisterande terreng/andre konstruksjonar.

Det skal leggjast ut naudsynt bærelag og forsterkingslag for alle dekker. Der eksisterande bærelag/forsterkningslag ikkje held god nok kvalitet må det sjaktast ut til naudsynt djupn, og fyllast opp med kvalitetsmassar.

Totalentreprenør er ansvarleg for eventuelt tilkøyring og levering av eksterne massar i prosjektet.

7.2 Utendørs konstruksjoner

7.2.1 Betongmurar

Det skal byggjast mur av betong, som del av bygg. Muren går frå inngang til avfallsrom i p-kjeller under hage/plass for HCP, og vert avslutta mot plass ved hovudinngang. Varierende høgde over terreng 0,1m-3,8m. Delar av muren skal ha rekkverk innfesta ved utsparring/ fastgysing i kjernebora hol. (Sjå kap 7 for rekkverk). Muren skal pussast med Weber silicate render eller tilsvarande puss. Fargar på puss etter avtale med ARK/LARK, sjå kapittel for fargeval.

7.2.1 Terrengstøttemurer, maskinmurt

Det skal setjast opp einsidige natursteinsmurar. Murane skal byggjast av Jondalsstein eller tilsvarande type skifrig naturstein. Det vert vist til Landskapsplan for omfang. Natursteinsmurar vert sette på eit fundament av velgradert grus til fjell eller frostfri djupn. Storleiken på visflata til steinen kan variere frå 0,075 m² til 0,5 m². Muren skal byggjast som tørrmur med skråning (skredde) 10:1, og setjast med knaste fuger. Muren skal ikkje ha gjennomgåande vertikale fuger. Toppen skal avdakkast med heil stein, og det skal bakfyllast med drenerande massar.

Høgda på murane varierer. Murane skal avsluttast på toppen med stein som er stor nok til at han ligg stabilt. Hjørna på murane skal utførast slik at dei stabiliserer murane og tilfører estetisk kvalitet. Ved eventuell tilslutning til husvegg skal grunnmurspapp mellom bygg og mur ikkje vere synleg.



Foto viser døme på natursteinsmur av tilsvarande type som skal byggjast i anlegget.

7.2.2 Betongtrapp

Det skal byggast ei trapp av betong frå p-plass til gangveg til hovedinngang, som synt på landskapsplanen. To repos inngår i trappa. Trappa skal ha taktil markering i topp og botn. TEK 17 vert lagt til grunn for utforming. Repos og trinn skal avdekkas med skifer (sjå kap 7 for skiferavdekking).

7.2.3 Skiferavdekking av trapp i av betong

Trapp og repos skal avdekkast med skifer. Skiferen skal festast med eigna betonglim. Inntrinn skal være 30mm tjukke og ha utstikk 30mm utanfor opptrinn. Inntrinna skal ha fall på 5mm pr trinn ut mot opptrinn. Trappa skal ha taktil markering i topp og botn.

7.2.4 Gjerder

Handløpar

Det skal monterast handløparar i to høgder på både sider av trapp frå p-plass til plass ved hovedinngang. Høgde på handløparar skal vera høvesvis 900 og 700mm, målt frå forkant av inntrinn. Handløparane skal vera samanhengande i heile trappa si lengd (inkl. repos), førast 300mm forbi topp og botn av trappa, og ha avrunda avslutning.

Handløparar skal festast til stolpar, og nedste handlist skal vera montert mellom stolpane.

Handløparen skal ha rundstål Ø 48mm. Handløpar og stolpar skal galvanisert og pulverlakkert i RAL- farge etter avtale med landskapsarkitekt i detaljfase.

Stolpar skal gysast fast i kjernebora hol i trappa. Det skal kjerneborast etter at skifer er montert, og nyttast minste mogelege diameter i høve til innfestingsgoods. Handlista skal sikrast naudsynt stabilitet. Rekkverket skal stetta krav til tryggleik i NS-EN 1990 og 1991-1-1. Tillatt maksimum avvik frå teoretisk posisjon for inngyste stolpar iht. NS-EN 1090-2, exc 2.

Gjerde


På betongmur på plass ved hovedinngang skal det monterast gjerde av tilsvarande type som på byggets altaner.

7.2.4 Tak over parkering for bil og sykkel (opsjon)

Byggherre ønsker pris på komplett leveranse av tak-konstruksjon over deler av parkeringsarealet på parkeringsplassen nedenfor det nye tilbygget, i området rundt ny trafo, samt for sykkelparkering i samme området. TE må ha med komplett leveranse, inkludert fundament etc, og det skal prisast som 2 ulike osjonar. Dei 2 takoverbygga skal ikkje henge saman, men leverast som 2 separate konstruksjonar. Byggherre skal kunne velje om han ønsker å utløyse begge eller berre eine av opsjonane. Det er ønskeleg med ein stålkonstruksjon med utforming på bilete under.



Bilete: Tak overbygg på parkeringsplass ved ein sjukeheim i Voss herad.



Utklipp: Utklipp av p-plass, rød markering viser ønska plassering av takoverbygg for bil, og blå markering viser ønska takoverbygg for sykkel.

7.3 Utendørs røranlegg

7.4 Utendørs elkraft

Utendørs varme

Det skal leverast utandørs varmekabel for snøsmelting i utvendig trapp som leder fra parkering til hovedinngang sjukeheim. Varme skal styrast av snøsmelteautomatikk med temperatur og nedbørsføler som gir best mulig energieffektiv styring av kabler. Driftsstatus og mulighet for manuell styring skal vere integrert i SD-anlegg.

Utendørs lys

Det skal leveres godt lys langs gang og bilveier, samt på parkeringsplass. Lyskultur sine publikasjoner for utebelysning/vei- og områdebelysning skal følges.

Lysfarge utendørs 3000K. Lumen/watt min.90 for mastarmatur og min. 40 for pullert.

RAL-farge for master og armatur for park/vei/pullert etter avtale med LARK/ARK/byggherre.

Utendørs lys skal styres av skumringsbryter og Astrour.

Robotklipper

Grøntareal skal tilretteleggast for robotklipping, og entreprenør skal etablere ladepunkt for alle soner/ grøntarealer.

7.5 Utendørs tele og automatisering

7.6 Vegar og plassar

7.6.1 Vegar

Prosjektet gjelder prosjektering og bygging/oppgradering av kommunal veg nr. 2008 i Ullensvang kommune, samt etablering av ny tilkomstveg og parkering til ny sjukeheim.

Ullensvang kommune har ikkje ei eiga norm for veg og gateutforming. Statens vegvesen sine handbøker er derfor rettleiande for utforming av vegar, gater og plassar.

Situasjonen mellom Fv.5102 og den kommunale veggen Kv.116 vert uendra.

Eksisterande vegar som vert råka av tiltaket er kommunale med fartsgrense 30 km/t. Trafikkmengd på dei kommunale vegane er ikkje registrert i Vegkart.no, men ein kan ut frå bustadfeltets størrelse anta at ÅDT er mindre enn 500 køyretøy.

Vegar i prosjektet, skal utformast som gater jf. N100. Gater skal dimensjonerast for personbil, men må også være framkommeleg for større køyretøy i forbindelse med varelevering, renovasjon og brannredning/utrykkingskøyretøy. Største tillate køyretøy er lastebil 12 meter, og inkluderer brannbil m/stige og renovasjonskøyretøy.

Aktuelle handbøker:

Handbok	Versjon	
N100	2023	Veg- og gateutforming
N-V120	2022	Premisser for geometrisk utforming av veger
N-V121	2023	Geometrisk utforming av veg- og gatekryss
V129	2011	Universell utforming av veger og gater

Køyrevegar


Køyrevegane skal utformast som ein trafikksikker og funksjonell kommunal veg tilpassa lokal trafikk, busetting og næring.

Køyrevegar skal etablerast som vist i W-76-10-00-02. Eksisterande vegar vert med same breidde og stigning som dagens. Ny tilkomstveg til ny sjukeheim skal ha breidde 5,5 meter inkl. skulder på 0,25 m. Stigning på tilkomsten skal være maks 8%.

Ny tilkomstveg skal ha minst 2,5% fall dei første 2 meter ut frå kv.116, dette for å sikre at vatn ikkje renn inn på kv.116.

Vegane skal ha fartsgrense 30 km/t. Dette gir krav til fri sikt langs gater på 20 meter. Innanfor sikttrekanten skal det ikkje være element høgare enn 0,5 meter. Enkeltstående trær, stolpar ol. kan stå i sikttrekanten.

Figur under viser dagens kryss mellom Fv.5102 og Kv.116. Tilkomst til ny sjukeheim skal etablerast om lag 10 meter opp langs den kommunale vegen.



Figur 2: Dagens kryss mellom Fv.5102 og Kv.116.

Tilkomst hovudinngang

Hovudinngangen er lokalisert mellom eksisterande og ny sjukeheim. Tilkomst til denne skal være dimensjonert for maxi-taxi og ambulanse. Det skal etablerast ein vendehammar for maxi-taxi/ambulanse framom hovudinngangen. I tilknytning til vendehammaren skal det etablerast ein HC parkering. Dimensjon på HC parkeringa skal være 4,5 x 6 meter, og plassen skal ha maks 2% resulterande fall.

Det skal utførast tiltak på og langs med eksisterande veg ned til hovudinngangen, som vist i W-76-10-00-02. Eksisterande tilkomst til sjukeheim skal breiddeutvidast med om lag 1 meter, for betre framkomme.

Tverrfallet på vegen skal også vendast slik at det vert fall mot terrenget i vest. Det må dermed påreknast arbeid med heile eksisterande tilkomstveg, frå krysset og ned til inngangs sone mellom eksisterande og ny sjukeheim. Tverrfallet på eksisterande veg skal vendast motsett veg for å få senka vegen noko, slik at ein får løyst situasjonen mellom gammal og ny sjukeheim med omsyn til høgder og fall. Tiltaket omfattar også justering og tilpassing av eksisterande fortau og kantsteinar i avkøyrsla, som vist i W-76-10-00-02.

Avkøyrslar

Det skal byggast ei ny avkøyrslar for tilkomst til ny sjukeheim. Avkøyrslar er lokalisert om lag 10 meter frå krysset mellom Fv.5102 og Kv.116. Avkøyrslar er dimensjonert for lastebil 12 m, og skal ha hjørneavrunding med $R=9\text{m}$. Køyremåte for lastebil 12 m er køyremåte C. Personbil skal ha med køyremåte A. Tiltaket omfattar også justering og tilpassing av eksisterande fortau og kantsteinar mellom ny avkøyrslar og eksisterande kv.116. Eksisterande fortau forbi avkøyrslar skal senkast ned slik at avkøyrslar vert terskelfri i køyrevegen. Fortau senkast ned til 2 cm vis der ein kryssar over vegen for mjuke trafikantar.

Fortau

Det skal etablerast nytt fortau langs den nye tilkomstvegen og parkeringsplassen ved ny sjukeheim. Fortauet skal ha minst 2,5 meter breidde og etablerast med asfaltdekke og kantstein i betong.

Kantstein

Kantstein langs fortau og rundkøyring skal være av betong. Kantstein skal ha 13 cm vis langs veg, og senkast ned til 2 cm vis der det er kryssing for mjuke trafikantar. Overgangen frå 13 til 2 cm vis skal skje over ei lengd på minst 1,32 meter.

Parkering

Det skal etablerast nye parkeringsplassar framom ny sjukeheim. Det skal etablerast 36 p-plassar, og 4 av desse skal være for HC. Parkeringsplassen skal asfalterast. Det skal være 2% fall ut frå bygget. Parkeringsplassen skal byggast med einsidig fall mot vest, slik at avrenning vert til terreng på nedsida, og med naturleg infiltrasjon til grunnen.

Parkeringsplass for personbil skal ha dimensjon 2,6 x 5 meter. HC parkering skal ha dimensjon 4,5 x 6 meter. HC parkering skal være mest mogeleg plane, og ha maks resulterande fall på 2% av omsyn til heisen til bilen.

Det skal i tillegg etablerast ein HC parkering i tilknytning til hovudinngangen til sjukeheimen, som beskrive i avsnitt for «Tilkomst hovudinngang».

Ytterkant av parkeringsområde skal ha ei grusa skulder på 0,25 m, dette for å sikre at asfalten ikkje skal knekke ned i ytterkantane. Inne på parkeringsområde skal det etablerast ei rundkøyring med ytre diameter 13 meter. Rundkøyringa skal etablerast som plantefelt; sjå Landskapsplan.

Oppmerking

Parkeringsplassane ved ny sjukeheim skal merkast opp med kvit oppmerking. Termoplast skal ha kvalitet i tråd med normer utarbeidd av Statens Vegvesen. Parkeringsplassar for røyrslahemma skal merkast med HC-symbol.

Varelevering og renovasjon

Vareleverings- og renovasjonspunkt er vist i W-76-10-00-02. Tilkomst for vare- og renovasjon ved ny sjukeheim er dimensjonert for lastebil 12 meter. Lastebil snur i rundkøyringa som skal etablerast inne på parkeringsområde. Stigning på oppstillingsplassen for varelevering skal være maks 4 %.

Eksisterande tilkomst for vare- og renovasjon til Bråvolltunet er i dag for trong, og vegarealet skal utvidast for å sikre betre framkomme for lastebil 12 meter. Utvidinga skal være på sørsida av vegen, ved at vegen

utvidast inn i grøntområde som vist i W-76-10-00-02. Ein parkeringsplass må fjernast for dette tiltaket. Tiltaket omfattar også justering og tilpassing av eksisterande fortau, kantsteinar og grøntarealet i tilkoplinga mot kv.116, som vist i W-76-10-00-02.



Figur 3: Bilete frå Google Maps. Syner grøntareal som må reduserast og p-plass som går ut.

Tilkomst for brann og redning

Frå den viste oppstillingsplassen skal slangeutlegga være mindre enn 50 meter for å nå bygningens fasadar. Det vert forutsett at brannbil kan ha oppstilling i køyrebana ved eventuell naudsituasjon for tilkomst for sløkking.

Snøopplagring

Langs vestsida av den nye parkeringsplassen vert det etablert ein fylling, med maks helling 1:2. I denne skråninga kan snø samlast etter snørydding.

Vegoppbygging



Vegoppbygginga skal dimensjonerast i tråd med N200, basert på trafikk og lokale grunntilhøve. Vegoppbygginga skal fordele laster frå trafikken slik at det ikkje oppstår skadelege eller uakseptable deformasjonar. Den skal også hindre at det vert frostsadar på anlegget. Overbygninga består av vegdekke, bærelag og forsterkningslag, isolasjonslag eller frostsikringslag.

Bære- og forsterkningslag

Det skal leggst ut naudsynt berelag og forsterkningslag for alle faste dekker. Der eksisterande berelag/forsterkningslag ikkje har tilfredsstillande kvalitet må det sjakast ut til naudsynt djupne og fyllast opp med kvalitetsmassar. Alle køyrbare flater må ha minst 2% resulterande fall for å sikre håndtering av overflatevatn. Alle køyrbare dekker skal ha oppbygging som sikrar bæreevne for biltrafikk.

Asfaltdekker

Forslag til dimensjonering av vegar og fortau med asfaltdekke (for T1-T2 massar):



Gangveg med grusdekke

Gangveg med grusdekke er vist på landskapsplan. Topplaget skal ha en sammensetning og kornfordeling som ved normal komprimering gir et kompakt og rullevennlig dekke.

7.6.2 Plassar

Plassar skal opparbeidast slik dei er vist på Landskapsplanen. Det skal sikrast avrenning til sluk eller tilstøytande terreng. Dammar vert ikkje akseptert.

Kant av granitt

Plassar skal ha kant av storgatestein mot plantefelt. Steinen skal monterast utan vis. Det skal nyttast same type stein som den lysegrå varianten i dekke framfor hovudinngang; lys varm, grå granitt, flamma overflate, splitta/ råhogde sider og underside.

Dekke av storgatestein

Plassen framfor hovudinngangen, ved båreinngang og plass ved sykkelparkering skal ha dekke av storgatestein. Dekket skal monterast knas i forband på komprimert og drenert fundament, og fugast med sand. Det skal nyttast stein med flamma overflate. Alle øvrige sider splitta/råhogd.

Det skal nyttast fylgjande steinkombinasjon:

- 70% lys varm, grå granitt, flamma overflate, splitta/ råhogde sider og underside. Dette skal være tilsvarende type stein som kant av naturstein som er beskrevet ovenfor.
- 30% litt mørkere varm, grå granitt, med flamma overflate, splitta/ råhogde sider og underside.

Dimensjon (BxL) 14x20cm. Det skal leverast tilstrekkeleg mengde storgatestein i XL-format 14x29cm for å sikra god avslutning av plassdekke. Høgde all stein 14cm. Tykkelsestoleranseklasse min 2 – NS- EN 1342. Trykkfasthet min 150MPa. Vannabsorpsjon maks 0,4 vektprosent. Posten inkluderer tilpassing rundt element i dekke.



Foto viser dekke av granittstein med tilsvarende type overflate som skal utgjøre plassdekke. Steinen skal setjast knas

Belegget skal ha tilstrekkeleg fall frå bygg slik at det ikkje vert ståande vatn på. Svankar i belegg vert ikkje godkjend. Dekket skal settast med tilfeldig mønster; mørk stein spreidd plassert i det lyse dekket.

7.7 Parker og hager

Det skal takast særskilt omsyn til at eksisterande tre i anlegget skal bevarast. Tre som skal bevarast vil bli merka og evt skade eller felling av desse vil verta bøtelagd. I detaljfase skal det utarbeidast ein fullstendig planteplan for anlegget, som skal godkjennast av UK si avdeling for veg og park. Planen vil omfatta tre, staudar og buskar basert på planteliste.

7.7.1 Grasareal

Grasplen

Grasareal merka som plen i landskapsplanen skal tilsåast med herdig frøblanding, type sportsplen fra LOG eller tilsvarende. Før overtaking skal plenen vera slått to gonger. Plenen skal vera godt etablert med minimum 90% dekning, og fri for rotugas.

7.7.2 Beplantning

Jord

Rotugas/ fleirårig ugras (eksempelvis høymol) vert ikkje akseptert i plantefelt. Jorda skal vera eigna til føremålet. Det kan nyttast jord frå staden dersom denne er eigna, men den skal vera fri for rotugas. Dette kan ein oppnå ved å fjerna det øvste laget med vegetasjonsdekke, eller tildekking av jorda i minimum ein vekstsong, evt. ein kombinasjon av både.

Plantar

Det skal etablerast plantefelt med staudar, prydgras og busker og trær. Det skal nyttast planteavstand som sikrar god samanvoksing innan 3 vekstsesonar.

Plassering av plantefelt og tre er vist på landskapsplan. Det skal nyttas plantar som trivst under dei lokale klimatiske høva. Det skal ikkje nyttas plantar som er svartelista. Levering og planting skal vera i samsvar med Norsk standard.

Fordeling:

- 40% stauder, vintergrønne og løvfellande, gjennomsnittleg 7 plantar/m²
- 10% prydgras, gjennomsnittleg 3 plantar/m²
- 50% busker, vintergrønne og løvfellande, gjennomsnittleg 4 plantar/m²

Trea skal bindast opp til ubehandla stokkar, etter NS3420. 3 stokkar per tre. Størrelse på alle tre SO 14-16.

Alle buskfelt skal dekkast til med prydbark, lagtykkelse 50mm. Ved overtaking av uteanlegget skal alle plantar vera i god vekst.

Tre

Det skal plantast ihht planteplan som vil verta utarbeidd i detaljfase. Planteplanen kan basere seg på følgande forslag i planteliste under:

Latinsk navn	Norsk navn	Minste størrelse
Acer platanoides	Spisslønn	SO 12-14
Alnus glutinosa	Svartor	SO 12-14 KP
Betula Utilis	Bjørk	SO 12-14
Populus tremula	Osp	SO 10-12
Prunus padus	Hegg	SO 10-12
Quercus robur	Sommereik	SO 12-14
Sorbus aucuparia	Vanlig villrogn	SO 10-12

Buskar

Gjennomsnittleg 4 stk/m². Det skal plantast ihht planteplan som vil verta utarbeidd i detaljfase. Planteplanen kan basere seg på følgande forslag i planteliste under:

Latinsk navn	Norsk navn
Acer ginnala	Sibirlønn
Buddleja 'Nanho Purple'	Sommerfuglbusk
Hydrangea aborescens 'Annabelle'	Vierhortensia
Hypericum Hidcote	Perikum
Rhododendron 'Diadem'	Rhododendron 'Diadem'
Rhododendron 'Goldkrone'	Rhododendron 'Goldkrone'
Rhododendron 'Goldbukett'	Rhododendron 'Goldbukett'
Lonicera pileata	Ligusterleddved
Potentilla fruticosa 'Mc Kays White'	Buskmure
Spirea betulifolia 'Tor'	Bjørkebladspirea
Spirea japonica 'Little princess'	Japanspirea

Staudar

Gjennomsnittleg 7 stk/m². Det skal plantast ihht planteplan som vil verta utarbeidd i detaljfase. Planteplanen kan basere seg på følgande forslag i planteliste under:

Latinsk navn	Norsk navn
Ajuga reptans 'Citlins Giant'	Bergasters
Alchemilla subcrenata	Engmarikåpe

Funksjonsbeskrivelse

Bråvolltunet – Ny sjukeheim Kinsarvik

Oppdragsnr.: 52501940 Dokumentnr.: 020 Revisjon: F01

Anemone hupehensis 'September charm'	Høstanemone
Fragaria vesca	Markjordbær
Filipendula ulmaria	Mjødurt
Galium odoratum	Myske
Geranium macrorrhizum 'Spessart'	Rosestorkenebb
Geranium 'Rozanne'	Hybrid-storkenebb
Hemerocallis citrina	Daglilije
Hemerocallis 'Corky'	Gul daglilije
Hemerocallis 'Pardon Me'	Hybrid-daglilije
Hosta crispula	Bladlilije
Hosta sieboldiana 'Elegans'	Bladlilije
Leuchantemum vulgare	Prestekrage
Matteuccia struthiopteris	Strutseving
Rodgersia podophylla	Bronseblad
Salvia nemorosa 'Ostfriesland'	Steppesalvie
Valeriana sambucifolia	Vendelrot

Prydgress

Gjennomsnittleg 3 stk/m². Det skal plantast ihht planteplan som vil verta utarbeidd i detaljfase. Planteplanen kan basere seg på følgande forslag i planteliste under:

Latinsk navn	Norsk navn
Calamagrostis × acutiflora 'Overdam'	Hagerørykvein
Deschampsia caespitosa	Sølvbukne
Molinia caerulea 'Edith Dühdsus'	Blåtoppmolinia

7.7.3 Utstyr**Benkar, stolar og bord**

På plass ved hovedinngang og på øvre plass for HCP og ved sykkel-p skal det leverast benkar og bord for fastbolting, av typen Vroom fra Vestre www.vestre.com, eller tilsvarende.

Alle ståldeler skal være varmforsinket og pulverlakkert. Korrosjonsklasse C4 (EN ISO 12900). RAL-farge avtalt med LAR/ARK/byggherre i detaljfase.

Funksjonsbeskrivelse


Bråvolltunet – Ny sjukeheim Kinsarvik

Oppdragsnr.: 52501940 Dokumentnr.: 020 Revisjon: F01

Treverk av Keboneysert furu skal ha hardhet 4.2 på Brinell-skalaen.

Følgjande skal inngå i leveransen:

- 4 benker med rette ender, armlener og ryggstøtte, tilsvarande utførelse og dimensjon som på illustrasjon:



- 2 benker med rette ender, tilsvarande utførelse og dimensjon, utan armlener og ryggstøtte.
- 2 bord med tilsvarande utførelse og dimensjon som på illustrasjon:



Illustrasjon viser møbler av tilsvarande type som skal monterast i anlegget.

Sykkelstativ

Det skal monterast sykkelstativ utført i 48mm røyrstål, av typen Bøy frå Vestre www.vestre.com, eller tilsvarande. Alle ståldetaljar skal ha varmforzinka og pulverlakkert utførelse dimensjonert for varig bruk. Tilsvarande RAL-farge som på benkar, avtalast med LARK/ ARK / byggherre. Røyrkonstruksjon med høgde 718mm og lengde 1688mm. Omfang og plassering framgår av landskapsplan. Stativa skal fundamenterast ihht spesifikasjon frå leverandør.



Foto viser sykkelstativ av tilsvarende type som skal monterast i anlegget.

7.8 Utendørs infrastruktur

Dette inngår i NS3420 beskrivelsen.

7.9 Skjøtsel

Skjøtselstida for grøntanlegget vert sett til 2.år etter første vekstsesong etter overtakelsesdato. Entreprisen omfattar vedlikehald av anlegget i heile denne perioden. Omfattar skjøtsel av dekker på vegar og plassar, utemøblar, areal med tre, plantefelt og areal med gras og eng.

Skjøtsel skal utførast etter plan godkjent av byggherre. Døde og svake plantar skal erstattast fortløpande med planter av samme art, kultivar og herkomst som dei plantane som må erstattast. Buskareal skal ha ettersyn minimum 6 gonger i sesongen. Ved tørkeperiodar om sumaren må ekstra ettersyn påreknast for vatning av planter.

Areal skal gjødslast og kalkast før og under vekstsesongen. Jordprøver skal takast for å bestemma mengde kalk og gjødsel. Mengde og frekvens tilpassast dei ulike planteslaga. Rododendronfelt skal ikkje kalkast.

Ugras skal fjernast. Plantefelt og gressplen dominert av ugras kan verta kravd planta/ sådd på nytt. Skjøtsel og vedlikehald skal vera med i vurderinga når jord vert lagt ut til vegetasjons- og grasareal. Ved utløpet av skjøtselstida skal grasbakke, tre og plantefelt med buskar og stauder vere i normal utvikling. Oppstøtting av tre fjernast etter 3 år.